

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 08.06.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Formannskapssalen
Møtenr.: 4/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann i sak (23/12) og Revisor i sak (23/12).

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer
(Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

- 021/12 Godkjenning innkalling og sakliste
- 022/12 Skriv og Meldingar.
- 023/12 Prosjektrekneskap Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr.142/1053 Avløpsanlegg Førde By.
- 024/12 Oppfølgingsliste 4-2012 Førde.
- 025/12 Eventuelt.

Førde, 01.06.2012.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

021/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 31.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.06.2012	021/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

022/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 31.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.06.2012	022/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 13-12: Bystyresak 024/12 Årsrekneskap og årsmelding.
SM 14-12: Årsmelding og rekneskap 2011 Sogn og Fjordane Teater L/L.
SM 15-12: Sak 10/2012; Årsrapport for KRYSS-revisjon for 2011.
SM 16-12: Sak 11/2012; Årsrekneskapen for KRYSS revisjon 2011.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
19.04.2012
26.04.2012

Saksnr
027/12
024/12

Sakshandsamar:
Lise Mari Haugen

Arkiv:
FE-210

Arkivsaknr.:
12/55

Årsrekneskapen og årsmelding 2011

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.04.2012	Revisjonsmelding 2011 - uttale om årsrekneskapen	71946
12.04.2012	Årsmelding Førde kommune 2011.pdf	72453
20.04.2012	Årsrekneskap 2011 Førde kommune.pdf	73021
12.04.2012	Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapem i 2011 for førde kommune	72499

Bakgrunn for saka:

I samsvar med § 48 nr. 1 i kommunelova er det utarbeidd årsrekneskap og årsmelding for 2011. Bystyre skal etter kommunelova § 48 nr. 3 vedta rekneskapen og ta stilling til disponering av resultatet.

Saksutgreiing:

Årsmelding Førde kommune 2011 tek i hovudsak føre seg den økonomiske sida av drifta. Hovudbodskapen i meldinga er korleis tildelte midlar har vorte brukte og med ei forklaring der det er større avvik, og økonomisk status pr. 31.12.2011.

Driftsrekneskapen for 2011 er gjort opp i balanse etter at det er gjennomført styrkingar jf. 9 nr. 2 i forskrift om årsrekneskap og årsberetning, ved at avsetjing av mindreforbruk frå rekneskapen 2010 er redusert med 8.502.239 kr.

Investeringsrekneskapen for 2011 er gjort opp med manglande finansiering på 8.027.816,- kr. Rådmannen vil kome attende til Bystyret med sak om finansiering av investeringsrekneskapen i løpet av 2012.

For nærare orientering om innhaldet i rekneskapen så viser vi til årsmelding og årsrekneskap med notar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding Førde kommune 2011 vert vedteken.

Handsaming i Formannskapet 19.04.2012:

Samrøystes tilråding

FORM-027/12 Tilråding:

Årsrekneskap og årsmelding Førde kommune 2011 vert vedteken.

Handsaming i Bystyret 26.04.2012:

Samrøystes vedteke

BY-024/12 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding Førde kommune 2011 vert vedteken.

Førde, den 12.04.2012

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57722004

SM14-12



Årsmelding og rekneskap 2011

Sogn og Fjordane Teater L/L

Org.nr: 929 181 557

Årsmelding – Årsrekneskap – Revisjonsmelding



Frå "Brenningmysteriet". Foto: Olav Reiakvam

ÅRSMELDING 2011 – FRÅ STYRET

Kunstnarisk verksemd

Kunstnarisk var 2011 eit godt år for Sogn og Fjordane Teater (SoFt), samstundes som besøkstalet var svært tilfredsstillande. 25 287 menneske såg ein av teatret sine framsyningar i 2011, over ei dobling frå året før. Dette besøkstalet er svært godt i eit fylke med eit folketal på ca. 107 000.

Teatret har vore involvert i ti produksjonar, der fem var eigenproduksjonar. Fem av produksjonane vart til gjennom ulike typar samarbeid med andre; "Kinnaspelet – Songen ved det store djup" av Rolf Losnegård med Kinnaspelkomiteen, "Urmakarens hjarte" av Miriam Prestøy Lie med Sandsund/Lie Teaterproduksjonar, "Døden på Førde hotell" med Krimfest Sunnfjord og "Få meg på for faen" av Olaug Nilssen og "Delfinen" av Gunilla Linn Persson med Hordaland Teater. Teatret tok i mot eitt gjestespel, "Haugtussa" av Arne Garborg, som vart spelt på Åmot Operagard. Totalt viste teatret 270 framsyningar. 15 framsyningar vart spelte i egne lokale i Førde, og resten på turné.

Teatret har i 2011 arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny norsk dramatik. Ei av oppsetjingane, "Brenningmysteriet – to levande og to døde" av Otto Homlung (basert på Egil Ulateigs bok "To levende og to døde"), var urpremiere. "Dama i luka" av Maria Tryti Vennerød og "Få meg på for faen" av Olaug Nilssen var andregongsoppføringar.

Teateråret starta med turné av Bodil Kvammes dramatisering av "Tyl" (bygd på romanen med same namn av Halvor Folgerø og Finn Tokvam), som hadde urpremiere i desember 2010, eit stykke som vart svært godt motteke under heile turneen. Liknande mottaking fekk "Brenningmysteriet" som var på turné i februar og mars. Begge stykka avslutta turneane på Losjen i Bergen. Vår eigen fast tilsette skodespelar, Kyrre Eikås Ottersen, heldt fram med å turnere "Du ana'kje" av Aslak Moe, til skulane rundt om i fylket. Stykket bygger på samtaler med Tor Henning Karlsen, som gjennom heile oppveksten vart utsett for mobbing. Det vart spelt som klasseromsteater, med plass til 25 elevar under kvar framsyning. Tilbodet var så populært at det vart spelt 45 gongar i 2010. Frå februar til juni i 2011 vart det spelt 101 gongar, og sett av nærmare 3 000 elevar. Stykket vil stå på repertoaret til teatret i 2012 og seinare.

Tradisjonen tru hadde teatret det kunstnariske ansvaret for "Kinnaspelet". Spelet vart vist for 27. år på rad. Besøket var rimeleg bra, ca. 2 200 tilskodarar såg spelet dei to dagane det gjekk i midten av juni.

Hausten starta med "Få meg på for faen" av Olaug Nilssen. Stykket vart spelt for skuleelevar i Den kulturelle skulesekken (Dks) både i Sogn og Fjordane og i Hordaland, og tilbakemeldingane frå elevar og lærarar var svært gode. Samla besøkstal var over 6 300, noko som er uvanleg høgt for eit stykke produsert på SoFt.

SoFt avslutta året med barnestykket "Delfinen" av Gunilla Linn Persson. Stykket vart produsert av Hordaland Teater og turnert i Dks både i Sogn og Fjordane og i Hordaland.

Personale

Teatret hadde 16 fast tilsette pr. 31.12.11. Gjennom året var det engasjert frilans personale og vikarar, som til saman utgjorde 7,44 årsverk. Samla årsverk engasjert ved teatret i 2011 var difor 24,44. Teatret har i 2011 hatt ein lærling i kostymesyarfaget på systova.

2011 var Terje Lyngstad sitt 8. år som teatersjef. I januar 2011 hadde styret tilsetjingsprosess for teatersjefstillinga for åremålsperioden 2012 – 2015. Styret vedtok å tilsetje Terje Lyngstad i ny åremålsperiode frå 2012 til 2015.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teatret er ei IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og er tilslutta AKAN (Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani).

Totalt sjukefråvær i 2011 var 476 dagar, dette svarar til ca 10,5 % av total arbeidstid i året. Tilsvarande tal for 2010 var 280 dagar og 6,3 % av total arbeidstid. Grunnen til det auka sjukefråværet er at vi har hatt to personar ute i langtidssjukemelding i påvente av operasjonar. Det har ikkje vore meldt skader eller ulykker på personale i 2011.

SoFt har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 12,08 årsverk kvinner og 12,36 årsverk menn. Teatersjef og styreleiar er begge menn. Styret består av fire menn og to kvinner. Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og ein mann. Av kunstnarisk personale brukte teatret 5,03 kvinnelege og 5,28 mannlege årsverk i 2011.

Eigedelar og miljø

Teatret driv verksemda si i Førdehuset i Førde, der det leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale. Det leiger òg lokale til overnatting for engasjert personale i Gamle Prestegarden, begge deler av Førde kommune.

Teatret eig to leilegheiter, to lastebilar og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teatret det. Anna teknisk utstyr i teatrets eige er i god stand. Det er ikkje meldt om skade på teatrets utstyr i 2011.

SoFt har halde fram som tidlegare med å formidle utlån av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket.

Teatret har som mål i all si verksemd ikkje å forureine det ytre miljøet.

Økonomi

Årsresultatet for 2011 viser eit overskot på kr 714 031. Det var budsjettert med eit overskot på kr 210 539,- såleis er resultatet kr 503 492,- betre enn budsjettert. Dette er i hovudsak på grunn av:

- billettinntekter høgare enn budsjettert kr 350 000,-
- lågare materialkostnader enn antatt kr 200 000,-
- avskrivning lågare enn budsjett kr 100 000,-

Etter at både 2009 og 2010 har gitt auke i opptent eigenkapital gjer resultatet for 2011 teatret ytterligare styrka eigenkapital, slik at SoFt per 31.12.11 har ein eigenkapital på omlag kr 3,6 millionar. Situasjonen dei 3 siste åra gjer at vi har nådd målet om å ha ein eigenkapital som kan tåle naturlege svingingar i økonomien og uforutsette kostnader.


Samla driftsinntekter i 2011 var kr 24 717 634,- av dette er 5,6 % eigeninntekter. Teatret sine eigeninntekter i 2010 var på 4,3 %. Auke i eigeninntekter i 2011 skriv seg i hovudsak frå høgare billettinntekter i 2011.


Teatret har god likviditet.

Vidare drift


Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Førde 19. april 2012



Rasmus Felde
styreleiar



Norunn Lunde Furnes
nestleiar


Iris Loftheim
vara for Olve Grotle


Steinar Lægreid
styremedlem


Tone Stangeland
styremedlem


Anha Wingård
vara for Kjell Furevik


Terje Lyngstad
teatersjef/dagleg leiar

REPERTOAR 2011

Tyl

Av Halvor Folgerø og Finn Tokvam

Dramatisert av Bodil Kvamme

Regi: Arvid Ones

Scenografi og kostymedesign: Silje Sandodden Kise

Lysdesign: Tobias Leira

Musikalsk ansvarleg: Per Janke-Jørgensen

Ove: Cato Jensen

Ragnar: Claus Sellevoll

Sara: Tiril Engelstad

Dame på Logen, Migemalla, Cecilie, festivaldeltakar, mor, Oslokelner og bygdetaus:
Katrine Lunde Mackenzie

Konferansiér, Kåre, Kelnerar, Paulsen, Fodnes, festivalteknikar og far: Kyrre Eikås
Ottersen

Aage Vaksdal og Konrad: Aage Vaksdal

Bygdetaus: Reidun Støfring

Musikk: Oddmar Amundsen, Aage Vaksdal og Per Janke-Jørgensen

Framsyningar i 2011: 24 (og 9 framsyningar i 2010)


Brenningmysteriet - to levande og to døde

Av Otto Homlung, basert på ei bok av Egil Ulateig

Regi: Otto Homlung

Scenografi og kostymedesign: Milja Salovaara

Lysdesign: Eivind Myren



Frå "Brenningmysteriet". Foto: Olav Reiakvam

Komponist: Per Janke-Jørgensen

Musikk: Anna Wingård, Oddmar Amundsen og Aage Vaksdal

- Journalisten: Hallbjørn Rønning
- Ruth: Bente Børsum
- Karl: Yngve Seterås
- Heléne: Irene Waage
- Max: Tore B. Granås
- Arthur, Einar, Hilmar, Olaf og politimeister: Roger Hilleren

Du ana'kje

Av Aslak Moe - som også hadde regien

I rolla som Tor Henning: Kyrre Eikås Ottersen

Framsyingar i 2011: 101 (og 45 i 2010)

Dama i luka

Av Maria Tryti Vennerød

Regi: Bodil Kvamme

Scenografi og kostymedesign: Leiko Fuseya

Lysdesign: Torkel Skjærven

Lyddesign/komponist: Jørgen Knudsen

- Dama i luka: Marit Østbye
- Vegard: Lars Melsæter Rydjord
- Susanne: Elise Christine Eide

Framsyrningar i 2011: 10



Frå "Dama i luka". Foto: Geir Birkeland

Kinnaspelet – Songen ved det store djup

Av Rolf Losnegård

Regi: Bodil Kvamme

Scenografi og kostymedesign: Karel Hlavaty

Musikk: Per Janke-Jørgensen

Presten: Roger Hilleren

Margrethe: Gro Ann Uthaug

Borni: Oda Alisøy

Futen: Per Egil Aske

Tarve Jonson/skrivar for futen/Ramn vikinghovding: Kyrre Eikås Ottersen

Framsyningar i 2011: 4



Frå "Få meg på, for faen". Foto: Olav Reiakvam

Få meg på, for faen

Av Olaug Nilssen

Regi: Bodil Kvamme

Scenografi og kostymedesign: Leiko Fuseya

Lysdesign: Torkel Skjærven

- Maria/Løk 7: Tiril Engelstad
- Mor til Alma/Kristin Halvorsen/Løk 5: Anne E. Kokkinn
- Kona til Sebjørn/Løk 4: Katrine Lunde Mackenzie
- Den radikale dottera/Kristin/Nepe 1/Løk 1/Kor: Lykke Kristine Moen
- Sebjørn/Løk 3: Kyrre Eikås Ottersen
- Nesteldste/Nepe 2/Løk 2/Sjefen 1/Kor: Linn Pettersen
- Alma/Løk 8/kor: Hanne Skille Reitan
- Artur/Sjefen 2/Ung mann i dress/Løk 6/Kor: Lars Melsæter Rydjord

Framsyningar i 2011: 43

Delfinen

Av Gunilla Linn Persson

Omsett til nynorsk av John Stavland

Regi og lyddesign: Torkil Sandsund

Scenografi og kostymedesign: Silje Sandodden Kise

Lysdesign: Svein Inge Nergård

Medverkande: Laufey Elíasdóttir og Brage Bang

Framsyningar i 2011: 54

PUBLIKUMSTAL 2011														
Framsyning	Tal framsyningar		Tal publikum		Gjennomsnitt		Tal framsyningar		Tal publikum		Gjennomsnitt		Mål 2011	
	eigen sal	2	eigen sal	237	eigen sal	119	turné	22	turné	3265	turné	148		Totalt publikum eigen sal og turné
Tyl		2	237		119		22		3265		148		3502	3500
Brenningmysteriet		5	700		140		22		2903		131		3603	2500
Du ana kje							101		2961		29		2961	3055
Dama i luka		3	184		61		7		855		122		1039	1500
Haugtussa							1		85		85		85	100
Kinnaspelet							4		2200		550		2200	1500
Urmakarens hjarte							3		240		80		240	200
Døden på Førde hotel							1		94		1		94	
Få meg på, for faen (S&FJ)		5	1168		234		23		2306		100		3474	
Få meg på, for faen (H)							15		2852		190		2852	4500
Delfinen (H)							32		2925		94		2925	
Delfinen (S & FJ)							22		2262		98		2262	4500
Anna							2		50		25		50	
Totalt besøk i 2011		15	2289				255		22998				25287	21355

Tyl totalt inkl. Førde des. 2010

4302

Sogn og Fjordane Teater L/L
RESULTATREKNESKAP 01.01.-31.12.

	Note	2011	2010
Billett og programsal		1 089 119	555 570
Anna salsinntekt		314 515	470 680
Driftstilskot	6	23 214 000	22 716 000
Refusjon frå samarbeidspartnarar		100 000	0
Sum driftsinntekter		<u>24 717 634</u>	<u>23 742 250</u>
Materialkostnad		513 836	753 991
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1 781 716	804 417
Kostnad vedk. lokale	10	1 543 845	1 443 582
Lønskostnad	4, 5	16 048 537	15 079 271
Avskrivning	1	446 447	453 311
Annen driftskostnad	5	3 809 240	3 030 935
Sum driftskostnader		<u>24 143 621</u>	<u>21 565 506</u>
Driftsresultat		<u>574 013</u>	<u>2 176 744</u>
Renteinntekt		153 959	66 146
Rentekostnad		<u>-13 942</u>	<u>-10 882</u>
Årsresultat		<u>714 031</u>	<u>2 232 008</u>
<i>Disponering av årsresultatet</i>			
Overført til annan eigenkapital		714 031	2 232 008
Sum disponert		<u>714 031</u>	<u>2 232 008</u>

Sogn og Fjordane Teater L/L
BALANSE PR. 31.12.

EIGEDELAR	Note	2011	2010
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1	467 500	467 500
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	1	<u>1 191 212</u>	<u>1 316 714</u>
Sum varige driftsmidler		<u>1 658 712</u>	<u>1 784 214</u>
Sum anleggsmidler		<u>1 658 712</u>	<u>1 784 214</u>
Omløpsmiddel			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar	11	1 353 113	170 060
Andre fordringar	8	<u>29 887</u>	<u>109 379</u>
Sum fordringar		<u>1 383 000</u>	<u>279 439</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	<u>4 467 674</u>	<u>3 875 759</u>
Sum omløpsmiddel		<u>5 850 674</u>	<u>4 155 198</u>
SUM EIGEDELAR		<u>7 509 386</u>	<u>5 939 412</u>


Sogn og Fjordane Teater L/L
BALANSE PR. 31.12.

	Note	2011	2010
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
<i>Innskoten egenkapital</i>			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10000)	3	<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Sum innskutt egenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annen egenkapital		<u>3 523 764</u>	<u>2 809 733</u>
Sum opptjent egenkapital		<u>3 523 764</u>	<u>2 809 733</u>
Sum egenkapital	7	<u>3 623 764</u>	<u>2 909 733</u>
GJELD			
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		1 034 226	441 316
Skuldige offentlege avgifter		1 022 067	974 037
Anna kortsiktig gjeld	9	<u>1 829 329</u>	<u>1 614 320</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 885 622</u>	<u>3 029 674</u>
Sum gjeld		<u>3 885 622</u>	<u>3 029 674</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>7 509 386</u>	<u>5 939 408</u>


FØRDE, den




Rasmus Felde
Styreleiar




Steinar Lægrend
Styremedlem


for


Kjell Arvid Furevik
Styremedlem




Terje Lyngstad
Teatersjef/ dagleg leiar



Tone Stangeland
Styremedlem



Norunn Lunde Fumes
Nestleiar


for

Olve Grofle
Styremedlem

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Salsinntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført før den tilsette tek ut pensjon. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til kollektiv pensjonsordning er ikkje balanseført.

Skatt

Teatret er ei ikkje skattepliktig verksemd.

Note 1 Varige driftsmiddel

	Personal- husvære	Bil	Inventar kontorutst.	Utstyr	Bygnings- innreing	Totalt
Kostpris 1.1.	467 500	895 190	1 454 006	3 075 618	1 727 042	7 619 356
Tilgang		-	173 822	147 125	-	320 947
Avgang						
Kostpris 31.12.	467 500	895 190	1 627 828	3 222 743	1 727 042	7 940 303
Akkumul. avskrivningar 31.12.		741 298	1 014 637	2 810 419	1 715 230	6 281 584
Balansført verdi pr. 31.12.	467 500	153 892	613 191	412 324	11 812	1 658 719
Avskrivningar i år	0	75 500	141 216	226 581	3 150	446 447

Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	577 398	528 175

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 1,5 mill.

Note 3 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigedelar
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	8	80 %
Førde kommune	2	20 %
Totalt	10	100 %

Note 4 Pensjon

Selskapet har ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan) som omfattar alle dei 16 tilsette, samt 11 tidligare tilsette. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapet sine tilsette har i tillegg ein tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning (usikra ordning). Selskapet sine tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år. Forpliktelsen i følge ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga omfattar 16 tilsette. Det er ingen som har tatt ut AFP per 31.12.2011.

Dei tilsette har følgjande aldersfordeling:

Under 30 år	0 stk
Frå 30 til 40 år	6 stk
Frå 40 til 50 år	2 stk
Frå 50 til 64 år	7 stk
Frå 64 til 70	1 stk

Netto pensjonskostnad i år kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Utbetalte pensjoner frå selskapet	0	0
Utbetalingar til AFP-ordninga	102 226	65 456
Pensjonspremie til kollektiv ordning i år	1 524 156	1 276 046
Eigenandel pensjon tilsette	-185 988	-167 280
Tilbakebetaling av egenkapitaltilskudd til KLP forsikring	0	0
Netto pensjonskostnad i år	1 440 394	1 174 222

Saldo på premiefond per 31.12.11 var kr 1.405.042, saldo på AFP fond var kr 142.019.

Note 5 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner	12 713 356	12 144 437
Arbeidsgjevaravgift	1 498 073	1 302 822
Pensjonskostnadar	1 440 394	1 174 223
Andre lønsrelaterte ytingar	396 713	457 788
Sum	16 048 536	15 079 270

Antall årsverk har vore 24,44 (fast + engasjement m.m). Det har vore 16 fast tilsette.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	614 751	64 460
Pensjonsutgifter	12 000	
Anna godtgjersle	43 321	

Dagleg leiar (teatersjef) er tilsett på åremål, og har avtale om 6 månaders løn etter avslutta arbeidsforhold. Pr 31.12.11 er det ingen lån/sikkerheitsstillingar til dagleg leiar, styre leiar eller andre nærstående partar.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 78 125,-. Beløpet er inkludert meirverdiavgift.

Note 6 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	16 250 002	15 761 000
Ordinært tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	5 222 998	5 066 000
Ordinært tilskot Førde kommune	1 741 000	1 689 000
Ekstraordinært tilskot staten	0	200 000
Sum	23 214 000	22 716 000

I 2011 har SoFT motteke tilskot på kr 400 000 til finansiering av kunstprosjektet "SoFT 2011". Det er inntektsført kr. 100 000 i 2011 i henhold til framdrift i prosjektet.

Note 7 Eigenkapital

	Aksje- kapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.10			
Resultat i år	100 000	2 809 733	2 909 733
		714 031	714 031
Eigenkapital 31.12.11	100 000	3 523 764	3 623 764

Note 8 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalt kostnad er	18 608	62 185
Kortsiktig lån tilsette	11 279	47 194
Sum	29 887	109 379

Note 9 Anna kortsiktig gjeld

	I år	I fjor
Skuldig feripengar/ løn	1 447 881	1 392 853
Forskotsbetalt inntekt/periodisert tilskot	300 000	0
Påløpne kostnader	81 448	221 468
Sum	1 829 329	1 614 321

Note 10 Leigeavtalar

	Leigeperioden oppheyrer	Kostnadsført husleige 2011
Husleigeavtale	01.01.2017	1 291 912

Note 11 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	1 353 113	170 060
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Kundefordringar 31.12.	1 353 113	170 060

Sogn og Fjordane Teater L/L

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2011	2010
10 Billett og programsal		
3010 BILLETTARHOVUDOPPS.	-1 089 119,00	-555 570,00
	<u>-1 089 119,00</u>	<u>-555 570,00</u>
12 Anna salsinntekt		
3210 ANDREINNTEKTER	-245 050,00	-357 039,00
3270 UTLEIGEINNT. LYS	-66 015,00	-88 137,30
3272 UTLEIGE KOSTYME	-3 450,00	-7 036,00
3290 LEIGEINNT PERSBUSTAD	0,00	-800,00
3630 HUSLEIETREKK	0,00	-2 668,00
3900 GEVINST VED SALG DRIFTSMIDLER	0,00	-15 000,00
	<u>-314 515,00</u>	<u>-470 680,30</u>
14 Driftstilskot		
3410 ORD TILSKOT STATEN	-16 250 002,01	-15 761 000,00
3420 ORD TILSKOT FYLKET	-5 222 998,00	-5 066 000,00
3430 ORD TILSKOT KOMMUNEN	-1 740 999,99	-1 689 000,06
3440 EKSTRAORD TILSKOT STAT	0,00	-200 000,00
	<u>-23 214 000,00</u>	<u>-22 716 000,06</u>
16 Refusjon frå samarbeidspartnarar		
3490 ANDRE OFF TILSKOT	-100 000,00	0,00
	<u>-100 000,00</u>	<u>0,00</u>
20 Materialkostnad		
4755 BEDRIFTSHELSETJENESTE	23 790,00	20 944,00
5010 DEKORASJONAR MATR.	65 811,66	335 574,72
5020 KOSTYMER KJØP O.L.	74 702,45	99 566,96
5022 KOSTYMER VEDLIKEH.	6 090,00	2 163,00
5030 REKVISITTER PROD.	34 653,81	42 140,09
5035 REKVISITTER TURNE	9 879,87	1 609,19
5040 FRISØR, SMINKE O.L.	36 326,57	15 970,20
5050 DIV. UTG. PRODUKSJON	34 593,50	12 285,19
5115 KONTORUTSTYR	0,00	1 394,00
5120 SCENEUTSTYR	6 728,00	25 378,50
5122 SCENEUTS SMÅKJ/VEDLH	42 281,03	7 711,00
5125 LYSUTSTYR	44 244,29	51 034,12
5127 LYSUTST SMÅKJ/VEDLH	24 801,71	23 547,80
5135 LYDUTSTYR	54 227,10	34 987,25
5137 LYDUTST SMÅKJ/VEDLH	18 278,49	0,00

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

		2011	2010
5140	VERKSTADUTSTYR	5 413,00	254,00
5142	VERKSTAD SMÅKJ/VEDLH	3 657,00	21 704,05
5144	SVEISEVERKSTAD	7 218,99	13 099,88
5147	SYSTOVE SMÅKJ/DIV.	7 609,49	36 089,38
5150	DIVERSEUTSTYR	13 528,80	8 538,00
		<u>513 835,76</u>	<u>753 991,33</u>
35 Kostnad turne/oppøkjande verksemd			
6510	TURNEBUSS	51 317,31	34 031,51
6520	DIVREISE/TRSP	243 911,07	123 335,40
6540	HOTELL TURNE	870 573,00	311 096,00
6550	HUSLEIGE TURNE	308 280,00	93 313,00
6555	Bærehjelper Turné AGA arrangerer	133 050,00	105 400,00
6560	ARRANGØRPROVISJON	143 580,00	74 232,50
6590	DIVERSE UTG. TURNE	31 004,99	63 008,62
		<u>1 781 716,37</u>	<u>804 417,03</u>
37 Kostnad vedk. lokale			
6210	FASTEHUSLEIGEUTG.	1 203 912,00	1 192 534,33
6215	ANDREHUSLEIGEUTG.	87 999,96	80 666,63
6220	STRAUMLOKALE	97 090,75	134 968,37
6230	KOMMUNALE AVGIFTER	10 858,76	12 010,00
6270	REINHALD LOKALE	15 082,72	21 713,42
6290	DIV UTGIFTER LOKALE	128 901,00	1 689,00
		<u>1 543 845,19</u>	<u>1 443 581,75</u>
40 Lønskostnad			
4000	LØNN	9 601 408,30	8 160 185,80
4001	HONORAR	1 564 639,00	1 411 397,00
4002	LØNN OVERTID	582 060,00	493 869,90
4004	HONORAR SJØLVS. NÆRING	1 184 906,15	1 186 622,66
4310	FERIEPENGAR	1 461 432,91	1 237 085,93
4410	HONORAR STYRET	64 460,00	52 265,00
4451	MIDDAGSPENGAR ADM.	2 800,00	1 700,00
4460	ARBKLÆRIKKJE OPPGPL	12 600,00	12 600,00
4510	ARBEIDGJ. AVGLØN	1 343 161,03	1 160 518,72
4511	AGA Bærehjelper Manuell	0,00	11 172,00
4520	ARBGAVG SKULD FERIEP	154 912,38	131 131,66
4610	REFUSJON SJUKEPENGAR	-617 796,00	-480 339,00
4620	LØNNSREF SAMARBPROSJ	-786 228,47	0,00
4630	ANDRE LØNNSREFUSJ.	-256 798,83	-17 127,17
4710	PERSONALUTVIKLING	68 109,00	92 830,79

Sogn og Fjordane Teater L/L

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

		2011	2010
4712	PC TIL TILSETTE	9 340,00	33 632,50
4715	OPPL./UTVIKL.FOND	4 768,00	3 172,00
4751	DIVLEGE/MEDISINUTG	1 891,00	1 005,90
4760	KANTINEUTGIFTER	34 955,46	39 454,08
4770	VELFERD PERSONALE	45 099,75	48 426,43
4790	PERSBUSTEIGNE,LEIGE	63 574,00	58 212,00
4792	PERSBUSTELKRAFT	40 600,74	36 668,90
4797	PERSBUST DIV UTG	112 974,53	114 336,09
4810	PENSJONSPR U/ARBGAVG	3 594,37	0,00
4811	PENSJONSPR M/ARBGAVG	1 334 574,18	1 174 222,67
4812	PENSJONSPR AFP M/ARB	102 226,00	0,00
4999	PERIODISERING LØNNSKOSTNADAR	-84 726,79	84 726,79
5130	MUSIKARUTSTYR	0,00	15 750,00
5210	EK.tjenester Pliktig	42 737,80	51 500,20
5240	Rentefordel	88,20	135,90
5250	Forsikringer - Lønn/Personal	1 447 607,00	1 185 594,00
5292	EK. tjenester pliktig motkonto	-42 737,80	-51 500,20
5295	Forsikringer Lønn/Persn - MOTKONTO	-1 447 607,00	-1 185 594,00
5298	Motkonto Rentefordel	-88,20	-135,90
5800	REFUSJON TRYGDEETATEN	-656 756,00	-468 435,00
5801	MOTKONTO REFUSJON TRYGDEETATEN	656 756,00	468 435,00
6551	Bærehjelp lønssystemm/aga	0,00	15 750,00
		16 048 536,71	15 079 270,65
50 Avskrivning			
7860	AVSKR FAST BYGN.INV.	446 447,00	453 311,00
		446 447,00	453 311,00
70 Annen driftskostnad			
5110	KONTORINVENTAR	0,00	1 207,00
6010	REVISJONSHONORAR	78 125,00	71 875,00
6030	LEIGDARBEIDSHJELP	140 097,00	52 989,50
6060	RETTAR/AVGIFT MUSIKK	23 568,20	80 967,00
6110	ANNONSER FRAMSYNING.	330 199,39	343 914,77
6115	ANDRE SALGSANNONSER	126 238,40	133 399,25
6120	PROGRAM	62 893,75	80 793,75
6125	PLAKATAR	27 575,30	47 937,50
6130	GRAFISKE TJENESTER	93 967,00	51 375,00
6135	MEDIEOVERVÅKING	41 250,00	28 750,00
6140	FOTOGRAFERING	38 006,50	19 950,00
6150	Arrangørseminar	49 541,06	0,00
6160	INTERNETT	56 018,00	90 158,46

Sogn og Fjordane Teater L/L

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	2011	2010
6250 FORSIKR. LOKALE	-10 371,00	0,00
6410 KONTORREKVISITA	15 828,89	9 109,75
6420 TELEFON	114 651,35	127 010,91
6425 PORTO	17 846,13	23 636,81
6440 KOPIERINGSUTGIFTER	6 272,50	13 544,85
6460 VEDLIKEH KONTORMASK.	0,00	1 968,75
6465 VEDLIKEH DATAPROGRAM	51 265,00	45 763,00
6470 ANNONSER ADM.	0,00	5 355,00
6480 DIVERSE KONTORKOSTN.	18 405,20	11 496,50
6490 MØTEKOSTNADER	3 786,00	15 081,79
6495 ANDRE ADM.KOSTNADER	25 243,35	20 927,00
6620 GÅVER	10 569,00	0,00
6630 BLOMSTER, ARR. O.L.	44 619,04	62 545,41
6650 AVISER/TIDSSKR/BØKER	25 893,64	17 398,79
6690 DIV PRODUKSJONSKOSTN	2 315,00	7 937,43
6710 DIESEL/BENSIN/OLJE	118 040,49	99 213,67
6720 REP/VEDLIKEHALD BIL	144 867,00	128 981,38
6730 FORSIKRING/AVG. BIL	49 538,00	57 265,00
6740 ANDRE KOSTNADER	318 458,58	291 723,43
6800 DIETT	805 930,00	330 406,00
6801 BILETTER	122 279,00	53 014,50
6802 HOTELL/OVERNATTING	43 669,07	14 295,00
6803 Diett Sjølvstendig Næring	48 653,35	86 260,00
6804 Diett Tr. Pliktig	25 088,00	46 247,00
6850 PRODBIL GODTGJERSLE	124,50	0,00
6855 PRODHOTELL/OVERN.	188 503,00	128 604,00
6857 PRODBILLETTAR O.L.	153 670,00	40 211,10
6858 FRIEHEIMREISER ALLE	49 743,00	45 816,00
6859 PRODREISE	54 960,00	59 688,00
6910 KONTINGENTAR	83 782,00	122 296,96
6950 FORSIKR INV./UTSTYR	36 212,00	33 862,00
6960 FORSIKRING PERSONAL	36 322,00	32 831,00
7099 Øredifferanse	-4,02	-0,10
7100 BIL GODTGJERSLE	120 839,05	82 766,05
7101 Passasjertillegg	5 971,05	12 110,40
7150 DIETT UTLAND	8 790,00	0,00
7810 TAPPÅKRAV	0,00	250,00
	<u>3 809 239,77</u>	<u>3 030 934,61</u>
110 Renteinntekt		
8010 RENTEINNTEKTER BANK	-153 288,70	-65 750,00
8040 ANDRE RENTEINNTEKTER	-670,51	-396,44

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	<u>2011</u>	<u>2010</u>
	<u>-153 959,21</u>	<u>-66 146,44</u>
145 Rentekostnad		
8110 RENTEKOSTNADERBANK	0,00	625,87
8111 BANKGEBYR	11 573,20	9 659,50
8140 ANDRE RENTEKOSTNADER	<u>2 368,48</u>	<u>597,00</u>
	<u>13 941,68</u>	<u>10 882,37</u>
320 Overført til annen egenkapital		
8960 AVSETT TIL ANNAN EGENKAPITAL	<u>714 030,73</u>	<u>2 232 008,06</u>
	<u>714 030,73</u>	<u>2 232 008,06</u>

Sogn og Fjordane Teater L/L

BALANSE PR. 31.12.

	2011	2010
535 Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom		
1160 PERSONALBUSTADER	467 500,00	467 500,00
	<u>467 500,00</u>	<u>467 500,00</u>
550 Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.		
1230 BIL M/HENGAR	229 392,00	229 392,00
1250 INVENTAR	316 082,44	316 082,44
1260 FASTBYGN.INVENTAR	14 962,00	14 962,00
1270 VERKTY O.L.	638 899,19	491 775,04
1280 KONTORMASKINER	295 964,50	180 383,00
1290 ANDREDRIFTSMIDLAR	142 359,19	84 119,19
1295 AVSKRIVINGAR	-446 447,00	0,00
	<u>1 191 212,32</u>	<u>1 316 713,67</u>
610 Kundefordringar		
1500 KUNDEFORDRINGAR	1 343 163,00	107 705,00
1770 OPPTENTINNTJEK	9 950,00	62 355,00
	<u>1 353 113,00</u>	<u>170 060,00</u>
615 Andre fordringar		
1571 REISEFORSKOT	10 404,90	5 185,95
1575 LØNNFORSKOT	8 202,64	9 999,02
1576 KORTSIKTIGLÅNTILS.	11 279,00	47 194,00
1725 FORSKOTSBETALTEKOSTNADER	0,00	47 000,06
	<u>29 886,54</u>	<u>109 379,03</u>
655 Bankinnskot, kontantar o.l.		
1900 KASSE	722,95	11 649,00
1920 BANK DRIFTSKONTO DNB	3 880 128,78	3 326 098,03
1922 POSTBANKEN/POSTGIRO	1 603,57	1 601,98
1925 BANK SPB SOGN OG FJ.	3 689,48	4 248,48
1930 FØRDE SAMYRKELAG	4 131,05	3 986,04
1950 BANK SKATTETREKK DNB	577 398,17	528 175,34
	<u>4 467 674,00</u>	<u>3 875 758,87</u>
670 Aksjekapital (10 aksjer á kr 10000)		
2000 AKSJEKAPITAL	-100 000,00	-100 000,00
	<u>-100 000,00</u>	<u>-100 000,00</u>

Sogn og Fjordane Teater L/L

BALANSE PR. 31.12.

	2011	2010
695 Annen egenkapital		
2050 ANNA EIGENKAPITAL	-3 523 764,04	-2 809 733,31
	<u>-3 523 764,04</u>	<u>-2 809 733,31</u>
700 Udekka tap		
2080 UDEKKA TAP	0,05	0,05
	<u>0,05</u>	<u>0,05</u>
780 Leverandørgjeld		
2400 LEVERANDØRGJELD	-1 034 225,92	-441 316,31
	<u>-1 034 225,92</u>	<u>-441 316,31</u>
790 Skuldige offentlege avgifter		
2600 FORSKOTTSTREKK SKATT	-540 678,60	-502 353,60
2610 PÅLEGGSTREKK SKATT	-6 807,00	-13 710,00
2650 TREKK FAGFOREININGSK	-2 996,90	-605,70
2690 ANDRE TREKK	-0,04	0,00
2770 SKULDIG ARBGJ.AVGIFT	-318 108,16	-329 958,00
2780 PÅL.ARBGJAVGFERIEP	-153 476,44	-127 410,19
	<u>-1 022 067,14</u>	<u>-974 037,49</u>
800 Anna kortsiktig gjeld		
2916 Minnegåve Grønnskag	-3 483,00	-3 483,00
2930 SKULDIG LØN	0,00	-190 874,79
2940 SKULDIGE FERIEPENGAR	-1 447 881,22	-1 201 977,84
2960 PÅLØPNE KOSTNADER	-77 964,59	-217 984,86
2965 FORSKOTTSBET INNTEKT	-300 000,00	0,00
	<u>-1 829 328,81</u>	<u>-1 614 320,49</u>



Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater L/L

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Teater L/L, som viser eit overskot på kr 714 031. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2011, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvísande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvísande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvísande bilete av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane Teater L/L per 31. desember 2011, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 19. april 2012
PricewaterhouseCoopers AS


Jan Flølo
Statsautorisert revisor

SM 15-12

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

/A

- KRYSS REVISJON

MØTEBOK SAMSTYRET 2012

Side 1

Organ SAMSTYRET	Dato 24. mai 2012	Handsamar Terje Førde	Journ.nr. 57 / 2012
Saksnummer 10 / 2012	Møtestad Kommunehuset, Hyllestad	Arkivnr. / 210&14	Reg.nr. 2012/ 10.05.12

Tidlegare handsaming:

Organ Arbeidsutvalet	Saksnummer 04 / 2012	Møtedato 19. april 2012	Handsamar Dagleg leiar Terje Førde
-------------------------	-------------------------	----------------------------	---------------------------------------

Vedlegg:

Utsende vedlegg: Utkast til Årsrapport for 2011 for KRYSS Revisjon, d. 29.02.12 (med innebygd endring/tilleggfrå Arbeidsutvalet – sjå nedanfor i saka)	Ikkje-utsende vedlegg: Årsrekneskap, revisjonsberetning, bilag, m.v.
---	---

D:\revisjon\KRYSS Revisjon\SAMSTYRET2012\Sak1012Samstyret\12

SAK 10/2012; ÅRSRAPPORT FOR KRYSS REVISJON FOR 2011

10.04.12; Dagleg leiar si tilråding overfor Arbeidsutvalet:

**Arbeidsutvalet inviterer Samstyret til å godkjenne
'Årsrapport for 2011 for KRYSS Revisjon' slik den ligg føre.**

SAK 04/2012; ARBEIDSUTVALET SI HANDSAMING I MØTE DEN 19.04.12 :

Arbeidsutvalet ville, under pkt. 2.5.4., side 5 i utkast til årsrapport for 2011, ha innført eit tillegg med følgjande ordlyd:

«Terra-saka i Bremanger kommune og revisor sitt arbeid knytta til føreståande rettssak, har vore ei ekstraordinær sak som har vore belastande og ressurskrevjande for KRYSS Revisjon også i 2011.»

Samrøystes vedtak/tilråding overfor Samstyret:

**Arbeidsutvalet inviterer Samstyret til å godkjenne 'Årsrapport for 2011
for KRYSS Revisjon', med dei endringar som vart gjort i møtet, pkt. 2.5.4, side 5.**

24.05.12; SAMSTYRET SI HANDSAMING I MØTE:

Endringar gjort av Arbeidsutvalet, pkt. 2.5.4, side 5, er innarbeidd i det dokument som er førelagt Samstyret i møtet. Årsrapporten vert å underteikna av samstyremedlemmane og dagleg leiar.

Samrøystes vedtak:

Samstyret godkjenner 'Årsrapport for 2011 for KRYSS Revisjon' slik den er lagt fram i møtet, d. 29.02.2012.

Sign.	Kopi til: Samstyremedlemmane, Deltakarkommunane, Revisjonen, (Arkiv)
-------	---

Organ SAMSTYRET	Dato 24. mai 2012	Handsamar Terje Førde	Journ.nr. 57 / 2012
Saksnummer 10 / 2012	Møtestad Kommunehuset, Hyllestad	Arkivnr. / 210&14	Reg.nr. 2012/ 10.05.12

Kva saka gjeld:

Det ligg føre framlegg til Årsrapport for KRYSS Revisjon for driftsåret 2011, d. 29.02.12. Denne vert først handsama av Arbeidsutvalet, for deretter å bli framført til handsaming/godkjenning i Samstyret. Det er Samstyret og dagleg leiar som i fellesskap avlegg årsrapport/årsmelding.

Saksopplysningar:

Årsrapporten er beskrivande for den drift som har vore i KRYSS Revisjon i det sjuande driftsåret (år 2011) for revisjonssamarbeidet. Årsrapporten talar i seg sjølv for seg.

Arbeidsutvalet bør vurdere innhaldet i og utforminga av årsrapporten. Årsrapporten skal leggest fram for Samstyret til endeleg utforming/godkjenning. Dokumentet skal underteiknast av medlemmane i Samstyret og dagleg leiar, og det vil vere naturleg at årsrapporten vert oversendt eigarkommunane – både ved Kontrollutvalet og Kommunestyret/Bystyret - når den er handsama av Samstyret. Det er etablert praksis på dette.

Ettersom framlegg til Årsrapport for 2011 følgjer som prenta vedlegg i saka, ser ein ingen grunn til å utdjupe innhaldet noko nærmare i saksutgreiinga her. Det vert vist til dei ulike punkt som går fram i Årsrapporten.

Arbeidsutvalet vert invitert til å kome med innspel på moglege endringar eller justeringar til det framlegg som ligg føre. Årsrapporten er utforma etter same lesten som ein har kome fram til dei siste åra. Dagleg leiar vil kunne gje nærmare orienteringar kring innhaldet i årsrapporten kring driftsåret 2011, direkte i møtet.

Ein bør også sjå årsrapporten i samanheng med utskriftene av årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2011, pr. 31.12.2011. Det vert i denne samanheng vist til sak 05/12 i Arbeidsutvalet den 19.04. vedr. Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2011, og dei vedlegg som følgjer med der i den saka; Jfr. her også sak 11/2012 i Samstyret 24.05.12.

Sign.	Kopi til: Samstyremedlemmane, Deltakarkommunane, Revisjonen, (Arkiv)
-------	---

Samstyremedlemmane i KRYSS Revisjon
Eigarkommunane i KRYSS Revisjon

Dyktar ref:
Årsrekneskapen 31.12.2011

Vår ref:
F:\rekneskap2011\Årsrapport2011\rf12

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
039 / 2011

Dokumentdato:
29. februar 2012

ÅRSRAPPORT 2011

for
Kommunerevisjonen
i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KRYSS REVISJON

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

1. ORGANISERING

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (forkorta til *KRYSS Revisjon*) vart etablert 01.01.2005. Revisjonssamarbeidet er organisert etter Kommuneleova § 27, som interkommunalt samarbeid, med eigen samarbeidsavtale mellom 11 deltakarkommunar; *Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund*. Det er vedteke eigen samarbeidsavtale og det er oppretta og vedteke egne vedtekter, samt fleire reglement for driftinga av revisjonssamarbeidet. Samarbeidsavtalen har 12 månaders oppseingstid, og samarbeidsavtalen gjeld fram til den eventuelt blir sagt opp av ein av partane.

KRYSS Revisjon er deltakarkommunane (eigarkommunane) si eiga kunnskaps- og rådgjevingsbedrift med spisskompetanse på offentleg forvaltning generelt, og på kommunalforvaltning spesielt. Verksemda er tilpassa kommunane og dei offentlege, heileigde eller deleigde verksemdar, i eigarkommunane innafor regionane Ytre Sogn og Indre og Ytre Sunnfjord.

Revisjonssamarbeidet kan tilby følgjande tenester til kommunane/oppdraga :

- Rekneskapsrevisjon
- Reell og formell forvaltningsrevisjon
- Selskapskontroll og eigarskapskontroll
- Overordna analyse
- Særattestasjonsordningar/Attestasjonsoppdrag
- Rådgjevingstenester innafor
 - Kommunalt rekneskap og kommunal/offentleg økonomi
 - Kommunal og interkommunal (offentleg) forvaltning
 - Interkommunalt samarbeid (IKS-lovverket m/forskrifter)
 - Kommunale føretak og særbedrifter
 - Kyrkjelege fellelråd, sokneråd, stiftingar og legat
 - Finansforvaltning
 - Sosialtenesta/Kommunehelsetenesta m/klientrekneskap i institusjon og PU
 - Overformynderi, verge-/hjelpvegerekneskap (Vergemålslova)
 - Hamnevesen, Hamne- og farvannslova
 - Spelemiddelrekneskap/Tilskotsformidling
 - Prosjektrekneskap/Byggjerekneskap m/Lov om offentlege anskaffelsar
 - Tilskotsrapportering
 - Meirverdiavgiftregelverk (meirverdiavgiftslova)
 - Momskompensasjonsregelverk (momskompensasjonslovverket)
 - Offentlege/Kommunale refusjonsordningar, m.v.; særlovgjevinga, etc.

1.1 Styrande organ:

KRYSS Revisjon vert leia av eit styre, med nemninga *Samstyret*. Samstyret består av 11 representantar; ein frå kvar av deltakarkommunane, der kvar representant har ei stemme. Oppgåvene til Samstyret går fram av *vedtektene* for revisjonssamarbeidet. I tillegg er det vedteke ein eigen instruks for Samstyret sitt virke.

Samstyret har i 2011 vore samansett slik:

Faste medlemmar i Samstyret:

Trygve Jacobsen, Førde kommune, Styreleiar
 Jorunn Ringstad, Askvoll kommune, Nestleiar
 Audun Åge Røys, Bremanger kommun, Medlem
 Magnar Vagstad, Fjaler kommune, Medlem
 Tore Jakob Madsen, Flora kommune, Medlem
 Svein Myrmel, Gaular kommune, Medlem
 Laila Nyhammer, Gulen kommune, Medlem
 Tommy Wichstrøm, Hyllestad kommune, Medlem
 Arne Sandnes, Jølster kommune, Medlem
 Grethe Hellerslien Kalland, Naustdal kommune, Medlem
 Unn Helen Gjerland Nybø, Solund kommune, Medlem

Personlege vararepresentantar:

Norunn Ulvedal
 Ingelin Klokkernes
 Leo Cirotzki
 Johnny Haugsbakk
 Bjarne Holme
 Magnar Hellebust
 Øyvind Lid
 Grethe Johannessen
 Jan Ove Haarklau
 Jan Herstad
 May Gunn Ellingsen

Etter kommunevalet i 2011 er det konstituert nytt Samstyret, men det vart gjort den 12.01.2012, på grunn av at einskildkommunar ikkje hadde føreteke nyval av representantar før seint på året i 2011. Det er oppretta eit eige *Arbeidsutval* på 5 medlemmar. Arbeidsutvalet har i 2011 vore samansett slik:

<i>Styreleiar</i> Trygve Jacobsen, Førde	<i>Varerepresentantar (rekkefølge):</i>
<i>Nestleiar</i> Jorunn Ringstad, Askvoll	1. Magnar Vagstad, Fjaler
<i>Medlem</i> Tore Jakob Madsen, Flora	2. Grethe Hellerslien Kalland, Naustdal
<i>Medlem</i> Unn Helen Gjerland Nybø, Solund	3. Svein Myrmel, Gaular
<i>Medlem</i> Arne Sandnes, Jølster	

Funksjonstida til dei valde representantane er samsvarande med kommunevalperioden. Det er Samstyret sjølv som avgjer Arbeidsutvalet si samansetting. Ettersom det nye Samstyret konstituerte seg etter kommunevalet hausten 2011, først den 12.01.12, er det valt nytt Arbeidsutval frå same dato. Både Samstyret og Arbeidsutvalet har hatt full funksjonstid i heile 2011 og fram til nyval fann stad 12.01.12.

1.2 Rekneskapsforar og Revisor:

Rekneskapa til KRYSS Revisjon vert ført innafor Førde kommune sin programvare. Fagansvarleg for rekneskapa er *rekneskapsjef* Terje Guddal i Førde kommune. Rekneskapa vert revidert av *Kommunerevisjonen i Nordfjord*, v/ revisjonssjef Markvard Sunde, Stryn.

1.3 Administrativ organisering:

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSS Revisjon – er organisert etter ein desentralisert organisasjonsmodell med 3 regionskontor. Organisasjonsstrukturen inneber eitt regionskontor i Hyllestad kommune (Kommunehuset i Hyllestad) med 2 tilsette (2 årsverk), eitt regionskontor i Flora kommune (i Strandgt. 43 i Florø), med 3 tilsette, og hovudkontor i Førde med 3 tilsette (2,5 årsverk). Ei 100%-stilling som forvaltningsrevisor tilknytta regionskontoret i Flora, har i 2011 hatt si stasjonering ved hovudkontoret i Førde kommune (Førdetunet i Hafstadvegen 23/25 i Førde), slik at der har vore 4 tilsette (3,5 årsverk), med tilsvarande reduksjon i fast bemanning ved Flora-kontoret. Dagleg leiar/revisjonssjef opererer innafor heile regionen, med mest fordeling på kontora i Førde og Flora.

2. DRIFTA I 2011 – Det sjuande driftsåret for KRYSS Revisjon

2.1 Bemanningssituasjon:

KRYSS Revisjon har ei bemanningsplan på 7,5 årsverk, fordelt på 8 medarbeidarar. Mykje har vore i 'støypeskeia' sidan etableringa i 2005. Verksemda ser no ut til å ha funne si form med oppgåvefordeling og effektiv ressursutnytting. Med omsyn til antal oppdrag og arbeidsoppgåver elles må ein likevel stadig vurdere oppgåveomfanget og ansvarsfordeling medarbeidarane imellom. Verksemda er sårbar ved sjukefråvær og vakansar i stillingar.

Det ligg utfordringar i det omfang og dei oppgåver som kjem frå kommunane sine kontrollutval når det gjeld bestillingar for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette vil det alltid måtte vere eit sterkt fokus på. Sameleis må vi vurdere ressursane når nye oppdrag er aktuelle å ta opp i portefølgjen.

2.2 Dagleg leiar-roller:

Dagleg leiar førestår sekretariatetsfunksjonen for dei styrande organ i KRYSS Revisjon. Han er revisjonssamarbeidet sin administrasjonssjef og i tillegg er han verksemda sin revisjonssjef, som har det overordna, revisjonsfaglege ansvaret. Han nyttar mykje av si arbeidstid til overordna revisjonsplanlegging med rullering, oppdatering og implementering av den praktiske revisjonsmetodikk.

Forutan leiing og administrering av verksemda har dagleg leiar ei operativ rolle innafor finansiell revisjon for fleire kommunar. Rådgjevingstenestene frå dagleg leiar og det øvrige personalet er etterspurt og etter kvart blitt omfangsrikt, og femnar ikkje berre dei 11 deltakarkommunane, men eit fagleg mangfald innafor mange regelverk, for heile oppdragsportefølgjen til KRYSS Revisjon. Dagleg leiar og dei øvrige medarbeidarane søkjer å ha nærheit til den reviderte, ved å vere til stades i og kommunikasjon

med kommunane og oppdraga gjennom samtaler og dialog, og har også møter med både administrasjon og kontrollutvala. Møteplikta i kommunestyra/bystyra blir etter vår oppfatning ivareteke på ein god måte.

2.3 Driftsåret 2011:

Ved inngangen til 2011 hadde ein to personar ute i svangerskapspermisjon. Begge desse stillingane er oppfylt med personar i vikariatstillingar. Den ein var tilbake 15/8, medan den andre vikaren stod i stillinga ved årsskiftet. Saman har alle tilsette bidrege til nytenking og nyskaping i måtar å løyse alle revisjonsopp-gåvene på. Det er lagt vekt på fagsamlingar, arbeidsmøter og personalmøter og faglege oppdateringar, der alle medarbeidarane har teke del. Teamarbeid er eit nøkkelord og ein styrke, som det vil det måtte vere fokus på framover også. Dette samarbeidet vil vere ein kontinuerleg prosess og ei styrking av KRYSS Revisjon si *merkevarebygging*. Dei tilsette har sett stor pris på *styreleiar sitt engasjement* i dette arbeidet.

KRYSS Revisjon skal framstå som eigarkommunane si eiga kunnskaps- og rådgjevingsbedrift med spisskompetanse på kommunal forvaltning, og som i tillegg til å sikre nærleik til fagmiljø, også skal ivareta og sikre kommunane sin tilgang til denne. Dette inneber at KRYSS Revisjon til eikvar tid skal yte dei tenester som kommunane etterspør, til ein stabil, forutsigbar og konkurransedyktig pris, med eit forholdsvis langsiktig og økonomisk stabilt perspektiv. Det er vår oppfatning at KRYSS Revisjon nyter stor respekt og tillit i dette både frå kommunane og andre.

KRYSS Revisjon er underlagt *ekstern kvalitetskontroll av ekstern tilsynsmyndighet*; både for det som gjeld utøvinga av *finansiell revisjon* og *forvaltningsrevisjon*. Kontrollar viser at kommunerevisjonen driv i samsvar med *internasjonale revisjonsstandarder* og innafør *god revisorskikk* og *god kommunal revisjonsskikk*. Rapportar frå ekstern kvalitetskontroll blir førelagt kommunane sine kontrollutval.

2.4 Møteaktivitet, saker, m.v.:

Det er i 2011 halde 2 møter i Samstyret og 2 møter i Arbeidsutvalet. Det er handsama 17 saker i Samstyret og 11 saker i Arbeidsutvalet. Vi nemner her perioderapportar, årsrapport, årsrekneskap og årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan, opplæringsplan, kontorlokaler hovudkontoret og tilsettingssaker.

Vi nemner her nokre av dei sentrale styringsdokument som er vedtekne av Samstyret :

- ⊗ Mål og strategiplan for KRYSS Revisjon
- ⊗ Økonomi- og handlingsplan
- ⊗ Økonomireglement
- ⊗ Godtgjerdslereglement
- ⊗ Opplæringsplan
- ⊗ Arbeidsreglement
- ⊗ Tilsettingsreglement
- ⊗ Instruks for Samstyret
- ⊗ Instruks for dagleg leiar
- ⊗ Lønspolitisk utviklingsplan

Møtestadane har rullert mellom Førde, Hyllestad og Florø (der regionskontora og hovudkontoret er). Dagleg leiar har fungert som møtesekretær før, under og etter møta.

2.5 Produksjonsresultat og økonomisk/rekneskapsmessig resultat for 2011:

2.5.1 Produksjon av revisjonstenester, forvaltningsrevisjon, m.v.:

Alle rekneskapar, og alle særattestasjonsoppgåver, er handsama av revisjonen *utan ugrunna opphald*, og det er vår oppfatning at einkvar revisormedarbeidar har strekt seg langt for å etterleve dei fristar som har vore sett, når arbeidsmengda har vore størst.

Dei målsettingar som er forankra i mål og strategiplanen er i all hovudsak nådd i løpet av driftsåret. Det er KRYSS Revisjon si oppfatning at kommunane er godt nøgde med dei revisjons- og rådgjevingstenester og dei forvaltningsrevisjonsrapportar som er levert i 2011. Tilbakemeldingane frå kommunane

har vore utelukkande positive i forhold til det som er levert. Vi meiner det er riktig å peike på det forventningsgap ein over tid har opplevd mellom det omfang av forvaltningsrevisjonar som har vore bestilt og det som har vore mogleg å levere innafør tidsplan og det rammeverk (ressursar) som er lagt i budsjetta. Vi viser til tidlegare årsrapportar kring dette, og er innforstått med at dei nyvalde kontrollutvala vil utfordre oss med omsyn til nye bestillingar av bl.a. rulling av overordna analyser og konkrete forvaltningsrevisjonsoppgåver framover.

2.5.3. Økonomisk/rekneskapsmessig resultat, m.v.:

Rekneskapen for 2011 balanserer med kr. 7.969.377,18. Interne finansieringstransaksjonar er då medrekna. Dette blåaser opp både inntektssida og utgiftssida. Det må her takast omsyn til kompensérbar moms med kr. 175.739,39, og interne finansieringsutgifter/-transaksjonar med ca kr. 574.000,-. Sum inntekter balanserer med totale utgifter, der ein må hentynta at det er disponert kr. 464.399,63 av tidlegare års årsresultat og at det er inntektsført kr. 159.355,20,- i bruk av tidlegare års avsetningar. Budsjettrekneskapen for 2011 er gjort opp i balanse ved at kr. 157.788,01 er inntektsført som bruk av fondsmidlar. Ein viser til utskriftene frå årsrekneskapen for 2011 og dei vedlegg som følgjer den; jfr. her note 14 og note 15 som er forklarande for ovannemnde. Den kommunevise spesifikkasjonen av revisjonshonorarar for 2011 går fram av eigen Note 16 til årsrekneskapen for 2011.

2.5.4. Direkte ressursbruk overfor deltakarkommunane i 2011:

I 2011 er det utført ca. 7,2 årsverk i KRYSS Revisjon. I forhold til budsjett og bemanningsplan var medarbeidarar ute i svangerskapspermisjon og pappapermisjon/ redusert stilling i løpet av 2011. Arbeidsmessig har ein periodisk måtte justere arbeidsoppgåvene noko bl.a. etter særskilde funn, og etter tingingar frå kontrollutval. Oppgåver har også måtte utsettast/forskyvast i tid. Ressursbruken overfor kommunane er teke inn i saka kring årsrekneskapen for 2011.

I gjennomsnitt - med fråtrekk av lovfesta ferie, bevegelege helligdagar, interntid, reisetid, fellestid, kurs m.v., vil 7,5 årsverk i operativ drift kunne gje vel 10 000 timar. Dette må sjåast på som mogleg fakturerbar tid. Prosentfordelinga går fram av tabellen nedanfor; jamfør det som er nemnt i note til rekneskapen. Det er marginale (minimale) endringar i forhold til fordelinga for 2010 og det som låg inne i budsjettokumentet for 2011. Note 16 viser ressursbruken på eigarkommunane.

Tabell A: Ressursfordelinga overfor deltakarkommunane, - %-andel for kvar kommune:

Kommune:	Askvoll	Brem	Fjaler	Flora	Førde	Gaular	Gulen	Hyllest	Jølster	Naustd	Solund	Sum
%-andel	8,04	10,31	9,99	11,21	11,45	9,00	9,90	8,05	8,69	7,18	6,18	100,00

Tabellen over inngår i berekningsgrunnlaget for oppgjeret med kommunane; jamfør note 16 til rekneskapen. (Det må her også takast omsyn til at kommunane Bremanger og Flora har fleire kommunale føretak kvar; som blir fakturert direkte etter registrert timeforbruk av revisjons- og rådgjevingstenester i året). Det må takast omsyn til dette når ein samanliknar med andre kommunar for 2011. Forvaltningsrevisjon og alle særattestasjonar og særskilde revisjonsuttaler, samt kvalitetssikring av finansforvaltningsreglement for kommunar i 2011, er inklusive i bruttofordelinga.

Terra-saka i Bremanger kommune og revisor sitt arbeid knytta til føreståande rettssak, har vore ei ekstraordinær sak som har vore belastande og ressurskrevjande for KRYSS Revisjon også i 2011.

3. UTØVINGA AV REVISJONSARBEIDET

I etableringsdokumenta for revisjonssamarbeidet står det at kommunen skal ha ein revisjon som har *nærheit* til kommunen, *hyppige besøk* i kommunen, og at ein skal vere *lett tilgjengelege* for brukarane av dei kommunale revisjonstenester.

I det daglege prøver dei tilsette å ha tett og god dialog med den reviderte, samstundes som det vert vektlagt å ha god internkommunikasjon/-dialog revisormedarbeidarane imellom.

I tillegg til kommunane sine rekneskap, omfattar revisjonssamarbeidet revisjon og rådgjeving overfor dei kommunale føretak, særbedrifter, interkommunale samarbeid (IKS og § 27-samarbeid), kyrkjelege fellestråd, sokneråd, overformynderi, verje-/ hjelpeverjerekneskap, klient-/ pasientmiddelrekneskap ved institusjonane/PU-omsorga i kommunane, stiftingar, legat, fonds, m.v., som deltakarkommunane er involvert i. Forutan den tradisjonelle finansielle revisjon (stadfesting av økonomisk informasjon) omfattar det løpande revisjonsarbeid ei rekke særattestasjonsordningar som i sum krev mykje ressursar. Vi nemner her spesielt momskompensasjonsregimet, som krev at det skal utførast særattestasjon for alle

refusjonskrav for alle kommunar/ verksemdar, som inngår i momskompensasjonsordninga. Slike krav vert normalt framsett 6 gonger i året (annankvar månad), og revisor innestår for at dei framsette krav ikkje inneheld vesentlege feil. Vi nemner her også særattestasjonsordninga kring *særleg ressurskrevjande brukarar* i kommunane, *antal PU-klientar*, *spelemiddelrekneskap*, og andre økonomirapporteringar i høve tilskot/ økonomitilsagn, som krev revisorattestasjon på rapporteringa, m.m. Forvaltningsrevisjon er omfangsrik og har eit manfald som har kravd større ressursar enn kva vedtekte budsjett har gjevt rom for, og kva som har vore planlagt på budsjettstadiet. Dette er eit ansvar som også kviler på bestillarrolla; først og fremst ved kontrollutvala og deira sekretariat. Det er avsett to årsverk til forvaltningsrevisjon/-kontroll i KRYSS Revisjon.

Utover bestillingar frå kontrollutvala på 'ordinære' forvaltningsrevisjonar, fekk vi særbestilling på kvalitetssikring av fleire kommunar sine rutinar kring finansforvaltninga. Dette arbeidet tok ein del ressursar som kom i tillegg til alle andre gjeremål. Dette er oppgåver som ikkje var planlagde då ressurstilgangen og disponeringane vart lagde. Den kommunale revisjon er forankra i Kommunelova av 25.09.92, med seinare endringar, Kap. 12, §§ 77 -78. Det ligg føre eigen *forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar* av 15.06.2004, som stiller klare krav til revisjonen sine oppgåver og ansvar. Det er lovpålagt årlege krav til etterutdanning og fagleg ajourhold for å kunne opptre i den offentlege/ kommunale revisjon. Det er stilt spesiell krav til den overordna revisjonsfaglege ansvarlege; dvs. dagleg leiar/revisjonssjefen. Desse krava er absolutte både for revisormedarbeidaren og revisjonssjefen. Det er vedteken eigen opplæringsplan som stettar krava til fagleg ajourhold for revisor-medarbeidarane i KRYSS Revisjon sitt virke. Av dette følgjer også at det vil ligge inne årlege budsjettløyvingar i revisjonssamarbeidet sine årsbudsjett.

4. ANDRE FORHOLD

Likestilling:

Revisjonssamarbeidet har ivareteke likestillingskravet på tilfredsstillande vis når det gjeld tilsettingsforholda. Ved utgangen av driftsåret er det tilsett 3 mannlege medarbeidarar, alle i 100 % stilling (= 3 årsverk), medan det er tilsett 5 kvinnelege medarbeidarar, som representerer 4,5 årsverk.

Deltakarkommunane har, kvar for seg, valgt representantar til Samstyret. Av dei 11 representantane i Samstyret er 7 menn og 4 kvinner. Ser ein på lista over vararepresentantar er forholdet 4 kvinner og 7 menn. Samstyret har valgt Arbeidsutval, som består av 3 menn og 2 kvinner, med vararepresentantar 1 kvinne og 2 menn. Nyval er føretekt 12.01.12, då det nye Samstyret konstituerte seg etter kommunevalet.

Skadar/ Sjukefråvær:

Det har ikkje vore skadar eller ulukkar i 2011. I 2011 har to medarbeidarar vore ute i svangerskapspermisjonar, og ein medarbeidar har teke ut pappapermisjon og hatt delvis redusert stilling over tid. Det er føretekte tilsettingar i vikariata; der den eine som var ute i permisjon var tilbake i fast stilling den 15.08.11, medan den andre er på arbeidsavtale ut mars 2012. Det er registrert heilt/delvis sjukefråvær i eitpar kortare perioder, men forøvrig er sjukdomsfråvær innafør systemet med eigenmelding og arbeids-gjevarperioden.

Ordinært sjukefråværet er svært lavt (under 1 %). Refundert sjukepengeløn og refusjon av fødsels-pengar gjenspeiler ovannemnde i rekneskapen.

Fagleg ajourhold:

Fagleg ajourhold er i stor grad utført i samsvar med ønskjer frå den/dei tilsette, innafør dei prioriteringar som ligg i vedtekte budsjett for året, og elles i samsvar med vedteken opplæringsplan for KRYSS Revisjon. Opplæringsplanen blir rullert årleg og samsvarar med økonomien til dette i kvart års årsbudsjett. Året 2011 viser at alle tilsette tilfredsstiller dei krav som er stilt til det årlege fagleg ajourhold; jamfør her likevel dei som har vore ute i svangerskapspermisjonar i 2011.

Representasjon:

Norges Kommunerevisorforbund:













Verksemda har bedriftsmedlemskap i *Norges Kommunerevisorforbund* (NKRF). NKRF er den faglege instansen som offentleg revisjon i Norge; heri kommunerevisjonen, sorterer inn under. Alle tilsette i KRYSS Revisjon har medlemskap i NKRF.

KRYSS Revisjon har ei bedriftsstemme, og kvar av dei tilsette har ei stemme kvar (personstemme) ved deltaking på NKRF sitt årlege Årsmøte. Alle tilsette og einskilde styremedlemmar har abonnement på NKRF's fagtidsskrift "Kommunerevisoren".

Kari Sygna er tillitsvald i KRYSS Revisjon. Frå våren 2010 har dagleg leiar i KRYSS Revisjon, Terje Førde, vore innvald i fylkesstyret for NKRF avd. Sogn og Fjordane. Han er også nytta som foredrags- holder på ulike konferansar; bl.a. økonominettverket i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

KRYSS Revisjon er medlem i KS Bedrift. Dette er Kommunenes Sentralforbund sin bedriftsorganisa- sjon; som bl.a. bistår i arbeidsgjevarrolla i forhold til løns- og personalspørsmål. KS Bedrift er også ein faginstans som gjev råd og rettleiing innafør økonomi, jus, løn/personal, m.m., og som er nytta ein del innafør både administrasjon/drift av verksemda, og fagområder i den kommunale forvaltning, samt i problemstillingar og spørsmål innafør intern kontroll, finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon.

Underskrifter:

Til underskrift:	Trygve Jacobsen (sign): Styreleiar (Førde kommune)	
Vi godkjenner med dette Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, KRYSS Revisjon, sin Årsmelding for 2011.	Jorunn Ringstad (sign): Nestleiar (Askvoll kommune)	
Stad: Førde	Unni Systaddal (sign): Medlem (Hyllestad kommune)	
Dato: 31. desember 2011 29. februar 2011	Charlotte Melvær Skjølberg (sign): Medlem (Bremanger kommune)	
	Geir Magne Tessem (sign): Medlem (Fjaler kommune)	
	Tore Jakob Madsen (sign): Medlem (Flora kommune)	
	Kari Birkeland (sign): Medlem (Gaular kommune)	
	Laila S. Nyhammer (sign.): Medlem (Gulen kommune)	
	Audun Høyvik (sign.): Medlem (Jølster kommune)	
	Øystein Djupvik (sign.): Medlem (Naustdal kommune)	
	Birger Hjønnvåg (sign.): Medlem (Solund kommune)	
	Terje Førde (sign.) Dagleg leiar/Revisjonssjef KRYSS Revisjon	 Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord Postboks 48/5901 Førde Dagleg leiar/Revisjonssjef

SM 16-12

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

/A

- KRYSS REVISJON

MØTEBOK SAMSTYRET 2012

Side 1

Organ SAMSTYRET	Dato 24. mai 2012	Handsamar Terje Førde	Journ.nr. 58 / 2012
Saksnummer 11 / 2012	Møtestad Kommunehuset, Hyllestad	Arkivnr. / 210&14	Reg.nr. 2012/ 10.05.12

Tidlegare handsaming:

Organ Arbeidsutvalet	Saksnummer 05 / 2012	Møtedato 19. april 2012	Handsamar Dagleg leiar Terje Førde
-------------------------	-------------------------	----------------------------	---------------------------------------

Vedlegg:

Utsende vedlegg: Årsrekneskapen for KRYSS-Revisjon pr. 31.12.2011 Revisjonsberetning 2011, d. 13.3.2012 Noteopplysningar til årsrekneskapen for 2011, med framlegg til endeleg fordeling av kostnader, m.v.	Ikke-utsende vedlegg: Rekneskapsbilag, mv Årsrapport for 2011 Vedtekter og Samarbeidsavtale, Forskrifter
--	--

D:\revisjon\KRYSS Revisjon\SAMSTYRET\2012\Sak1112Samstyret\12

SAK 11 / 2012; ÅRSREKNESKAPEN FOR KRYSS REVISJON 2011; - med endeleg godkjenning og avrekning overfor deltakarkommunane og oppdraga**29.02.2012; Dagleg leiar si tilråding overfor Arbeidsutvalet:****Arbeidsutvalet vil tilrå Samstyret å gjere følgjande vedtak:**

1. *Årsrekneskapen for 2011 for KRYSS Revisjon vert fastsett og godkjend slik den ligg føre i utskrift pr. 31.12.2011, d. 29.02.2012.*
2. *Honorarstørrelsane for dei kommunale foretak, særbedrifter, kyrkjelege fellesråd, overformynderi, stiftingar, IKS, legat, m.v., vert fastsett i samsvar med budsjett og slik dei går fram av årsrekneskapen. Desse inntektene, og andre inntekter, går til frådrag før avrekning på deltakarkommunane.*
3. *Den samla ressursbruken på deltakarkommunane, kr. 5.989.050,-, vert fordelt i samsvar med fordelings-/ oppgjersreglane; ifr. eigen note (eige rekneark i Note 16) til rekneskapen om dette:*

Askvoll kommune	kr. 473.050,-
Bremanger kommune	kr. 569.300,-
Fjaler kommune	kr. 526.500,-
Flora kommune	kr. 843.600,-
Førde kommune	kr. 871.550,-
Gaular kommune	kr. 496.350,-
Gulen kommune	kr. 506.100,-
Hyllestad kommune	kr. 423.800,-
Jølster kommune	kr. 493.300,-
Naustdal kommune	kr. 437.450,-
Solund kommune	kr. 348.050,-
Sum kr. 5.989.050,-	

4. *Avsetningar og bruk av tidlegare års avsetningar i rekneskapen for 2011 er i tråd med tidlegare føringar og vedtak i Samstyret og vert godkjend slik det går fram av rekneskapen pr. 31.12.2011.*

Sign.	Kopi til: Samstyremedlemmane, Deltakarkommunane, Revisjonen, (Arkiv)
-------	---

Organ SAMSTYRET	Dato 24. mai 2012	Handsamar Terje Førde	Journ.nr. 58 / 2012
Saksnummer 11 / 2012	Møtestad Kommunehuset, Hyllestad	Arkivnr. / 210&14	Reg.nr. 2012/ 10.05.12

SAK 05 / 2012; ARBEIDSUTVALET SI HANDSAMING I MØTE DEN 19.04.2012 :

Arbeidsutvalet vil tilrå Samstyret å gjere følgjande vedtak:

1. *Årsrekneskapen for 2011 for KRYSS Revisjon vert fastsett og godkjend slik den ligg føre i utskrift pr. 31.12.2011, d. 29.02.2012.*
2. *Honorarstørelsane for dei kommunale foretak, særbedrifter, kyrkjelege fellesråd, overformynderi, stiftingar, IKS, legat, m.v., vert fastsett i samsvar med budsjett og slik dei går fram av årsrekneskapen. Desse inntektene, og andre inntekter, går til frådrag for avrekning på deltakarkommunane.*
3. *Den samla ressursbruken på deltakarkommunane, kr. 5.989.050,-, vert fordelt i samsvar med fordelings-/ oppgjerreglane; jfr. eigen note (eige rekneark i Note 16) til rekneskapen om dette:*

<i>Askvoll kommune</i>	<i>kr. 473.050,-</i>
<i>Bremanger kommune</i>	<i>kr. 569.300,-</i>
<i>Fjaler kommune</i>	<i>kr. 526.500,-</i>
<i>Flora kommune</i>	<i>kr. 843.600,-</i>
<i>Førde kommune</i>	<i>kr. 871.550,-</i>
<i>Gaular kommune</i>	<i>kr. 496.350,-</i>
<i>Gulen kommune</i>	<i>kr. 506.100,-</i>
<i>Hyllestad kommune</i>	<i>kr. 423.800,-</i>
<i>Jølster kommune</i>	<i>kr. 493.300,-</i>
<i>Naustdal kommune</i>	<i>kr. 437.450,-</i>
<i>Solund kommune</i>	<i>kr. 348.050,-</i>
<i>Sum kr. 5.989.050,-.</i>	

4. *Avsetningar og bruk av tidlegare års avsetningar i rekneskapen for 2011 er i tråd med tidlegare føringar og vedtak i Samstyret og vert godkjend slik det går fram av rekneskapen pr. 31.12.2011.*

SAK 11/12; - SAMSTYRET SI HANDSAMING I MØTE 24.05.12 :

Samrøystes vedtak:

1. *Årsrekneskapen for 2011 for KRYSS Revisjon vert fastsett og godkjend slik den ligg føre i utskrift pr. 31.12.2011, d. 29.02.2012.*
2. *Honorarstørelsane for dei kommunale foretak, særbedrifter, kyrkjelege fellesråd, overformynderi, stiftingar, IKS, legat, m.v., vert fastsett i samsvar med budsjett og slik dei går fram av årsrekneskapen. Desse inntektene, og andre inntekter, går til frådrag for avrekning på deltakarkommunane.*
3. *Den samla ressursbruken på deltakarkommunane, kr. 5.989.050,-, vert fordelt i samsvar med fordelings-/ oppgjerreglane; jfr. eigen note (eige rekneark i Note 16) til rekneskapen om dette:*

Sign.	Kopi til: Samstyremedlemmane, Deltakarkommunane, Revisjonen, (Arkiv)
-------	---

Organ SAMSTYRET	Dato 24. mai 2012	Handsamar Terje Førde	Journ.nr. 58 / 2012
Saksnummer 11 / 2012	Møtestad Kommunehuset, Hyllestad	Arkivnr. / 210&14	Reg.nr. 2012/ 10.05.12

<i>Askvoll kommune</i>	<i>kr. 473.050,-</i>
<i>Bremanger kommune</i>	<i>kr. 569.300,-</i>
<i>Fjaler kommune</i>	<i>kr. 526.500,-</i>
<i>Flora kommune</i>	<i>kr. 843.600,-</i>
<i>Førde kommune</i>	<i>kr. 871.550,-</i>
<i>Gaular kommune</i>	<i>kr. 496.350,-</i>
<i>Gulen kommune</i>	<i>kr. 506.100,-</i>
<i>Hyllestad kommune</i>	<i>kr. 423.800,-</i>
<i>Jølster kommune</i>	<i>kr. 493.300,-</i>
<i>Naustdal kommune</i>	<i>kr. 437.450,-</i>
<i>Solund kommune</i>	<i>kr. 348.050,-</i>
<i>); Sum kr. 5.989.050,-</i>	

4. *Avsetningar og bruk av tidlegare års avsetningar i rekneskapen for 2011 er i tråd med tidlegare føringar og vedtak i Samstyret og vert godkjend slik det går fram av rekneskapen pr. 31.12.2011.*

Kva saka gjeld:

Det ligg føre utskrifter frå Årsrekneskapen for 2011 for KRYSS Revisjon, pr. 31.12.2011, d. 29.02.11. Saman med rekneskapsutskriftene ligg det føre *noteopplysningar* til rekneskapen, samt framlegg til årsrapport frå KRYSS Revisjon for 2011. KRYSS Revisjon har engasjert *Kommunerevisjonen i Nordfjord* som sin *eksterne revisor*. Det ligg føre revisjonsberetning frå revisor, d. 13.03.2012, som ikkje inneheld merknader til den avlagde årsrekneskapen for 2011. Desse dokumenta er tekne inn i saka.

Rekneskapen skal framførast via Arbeidsutvalet, til endeleg fastsetting og godkjenning av Samstyret. Det ligg til Samstyret å gjere endeleg vedtak kring årsrekneskapen; heri fastsetting av endelege honorarstørrelsar for kommunane og øvrige oppdraga. Årsrekneskapen for 2011 er gjort opp i balanse ved at det er føreteke inntektsføringar av tidlegare års avsetningar.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon er lagt fram i utskrift pr. 31.12.2011, d. 29.02.2012. Denne balanserer med ei brutto omsetning på kr. 7.969.377,18. Ettersom ein i 2011 både har attendeført og tilbakebetalt delar av tidlegare års avsetningar, og at ein i samband med årsoppgjeret for 2010 valde å avsette delar av årsoverskotet frå driftsåret 2010, til eit buffertfond, innehar årsrekneskapen for 2011 til dels store interne finansieringstransaksjonar som blåser opp både inntektssida og utgiftssida. Dette er av meir rekneskapsteknisk art. Det er gjort greie for dette i noteopplysningane.

Rekneskapen er gjort opp i balanse ved at det er føreteke interne finansieringstransaksjonar i tråd med tidlegare vedtak i Samstyret, samstundes som det også er bokført bruk av tidlegare års avsetningar med kr. 157.788,01, for å få gjort opp rekneskapen i balanse. Det må her takast omsyn til at Samstyret i tiknytning til årsrekneskapen for 2010, gjorde vedtak om å ha attendeståande eit buffertfond på kr. 250.000,-. Ved utgangen av 2011 utgjer dette kr. 274.211,99. Det ligg til

Sign.	Kopi til: Samstyremedlemmane, Deltakarkommunane, Revisjonen, (Arkiv)
-------	---

Organ SAMSTYRET	Dato 24. mai 2012	Handsamar Terje Førde	Journ.nr. 58 / 2012
Saksnummer 11 / 2012	Møtestad Kommunehuset, Hyllestad	Arkivnr. / 210&14	Reg.nr. 2012/ 10.05.12

Samstyret å gjere vedtak kring årsrekneskapen, med fastsetting av endelege honorarstørrelsar for 2011.

I noteopplysningane og dagleg leiar sine kommentarar til årsrekneskapen er det gjort nærmare greie for avvika på einskilde post-/kontonivå. Det er der også gjort greie for korleis årsrekneskapen er avballansert og avrekna på deltakarkommunane (jfr. spesielt note 5, 14, 15 og 16) og dei øvrige oppdraga. I tillegg til dokumenta som er innebygt i framstillinga og presentasjonen av årsrekneskapen, er det også utarbeidd ein eigen årsrapport som omtalar driftsåret 2011. Denne vert handsama særskilt (som eigen sak) i dei styrande organ i KRYSS Revisjon, men det vert vist til innhaldet i Årsrapporten også her i rekneskapsaka.

Rekneskapen er revidert av *Kommunerevisjonen i Nordfjord*, v/revisjonssjef Markvard Sunde. Det er ingen særskilde forhold som er teke opp frå revisor si side. Det vert vist til ordlyden i revisjonsberetninga, d. 13.03.12. Beretninga er teke inn som prenta vedlegg i saka.

Den avlagde rekneskap viser talstørrelsane spesifisert på arts-/kontonivå og viser ei omsetning for 2011 som beløper seg til kr. 7.969.377,18. Det er då teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar; jfr. note 14. Detaljar i korleis dette er fordelt på kommunane, går fram av 'Note 16', samt i siste kolonne i reknearket som viser fordelingane på kommunane. Samla har kommunane betalt inn kr. 5.989.050,-, som samsvarar med budsjettet. Ved utrekningane av det som skal fordelast på deltakar-/eigarkommunane, har ein trekt ifrå alle andre inntekter frå bruttobeløpet, der det også er teke omsyn til Samstyret sitt vedtak om å ha attende eit buffertfond frå 2010-rekneskapen. Dette gjer at ein kjem

ut med ei tilnærma lik fordeling på eigarkommunane som stort sett er identisk med ressursbruk og budsjett for 2011. (budsjett 5.988.000,-, faktisk rekneskap 5.989.050,-; samla for alle 11 kommunar; jfr. note 16). Rekneskapen er presentert på detaljert artsnivå, og talar i seg sjølv for seg. Det vert vist spesielt til noteopplysningar som forklarar nokre større budsjettavvik. På inntektssida vert det vist til mottekne ekstraintekter i form av fødselspengar og momskompensasjon, som ikkje har vore budsjettert. Det er også avvik på einskildpostar som bl.a. skuldast fråfall av særbedrifter og kommunale føretak som er avvikla innafør kommunane det gjeld. Det utgjer eit inntektstap på kring kr. 48.000,-, med tilsvarande meirinntekter på renter i 2011.

Dagleg leiar vil under realitetshandsaminga av årsrekneskapen i møtet kunne gje nærmare orienteringar om drifta og einskildpostane i rekneskapen. Det vert vist til den tilråding til vedtak som ligg føre, samt til dei dokument som følgjer saka.

Endeleg vedteke årsrekneskap med tilhøyrande årsrapport for 2011 vil bli oversendt eigarkommunane i KRYSS Revisjon når desse sakene er handsama av Samstyret 24.05.2012. Dagleg leiar vil i etterkant av møtet 24.05.12 effektuere innhaldet i det vedtak som blir gjort av Samstyret.

Sign.	Kopi til: Samstyremedlemmane, Deltakarkommunane, Revisjonen, (Arkiv)
-------	---



Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Dykkar ref.:

Vår ref.:
F:\Rekneskap\Årsrekneskap11/tf12

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
038 / 2012

Dokumentdato:
29. februar 2012

ÅRSREKNESKAPEN

2011

FOR



Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

KRYSS REVISJON - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2011 - detaljert spesifikasjon (m/tillegare års rekneskap)											
UTGIFTER	Rekneskap 2005	Rekneskap 31.12.2006	Rekneskap 31.12.2007	Budsjett 2008	Rekneskap 31.12.2008	Budsjett 2009	Rekneskap 31.12.2009	Budsjett 2010	Rekneskap 31.12.2010	Budsjett 2011	Rekneskap 31.12.2011
Art /Kontonemning											
Teneste 110000, Styrande organ:											
10801 Honorar Styrelser	15 000,00	15 000,00	25 000,00	30 000,00	30 490,00	30 000,00	30 000,00	30 000,00	30 000,00	35 000,00	35 000,00
10800 Møtegodtgjerdelse	14 402,60	10 120,00	8 100,00	18 000,00	13 690,00	18 000,00	8 820,00	18 000,00	9 310,00	20 000,00	20 551,30
10850 Tappt arbeidsinntekt	11 850,00	7 500,00	8 000,00	25 000,00	17 100,00	25 000,00	8 300,00	25 000,00	10 650,00	25 000,00	
10990 Arbeidsgjeveravgift											
11150 Servering i møter	4 873,26	5 183,44	3 376,53	5 000,00	4 968,02	5 000,00	7 969,25	5 000,00	9 111,80	6 000,00	16 653,09
11600 Reiseutgifter Styret	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	25 000,00	0,00	25 000,00	0,00	30 000,00	0,00
	41 252,60	37 803,44	44 476,53	78 000,00	66 246,02	103 000,00	55 089,25	103 000,00	59 071,80	116 000,00	72 204,39
Teneste 110050, Revisjonstjenester											
10100 Regulativ løner	2 565 967,87	2 734 882,75	2 654 882,81	3 267 000,00	3 239 218,88	3 628 000,00	3 646 062,57	3 825 000,00	3 641 726,35	3 990 000,00	4 495 814,48
10200 Vikariat-løner									219 000,88		
10500 Anna løn og trekkpl godtgj		23 124,00	6 851,00						4 000,00	8 000,00	5 680,21
10509 Trekkpliktig bilgodtgjerdelse										48 000,00	49 837,50
10903 Pensjonsinntekt	410 197,50	288 142,60	475 942,40	475 000,00	574 606,40	507 000,00	585 344,10	536 000,00	605 112,90	560 000,00	648 005,43
10905 Gruppeliv/Ulukesforsikring	5 592,00	6 273,00	6 995,00	9 000,00	5 931,00	9 000,00	7 376,00	9 000,00	9 371,00	9 000,00	10 391,00
10990 Arbeidsgjeveravgift	324 716,56	325 285,81	332 485,28	415 000,00	407 866,57	453 000,00	436 129,67	478 000,00	411 369,53	490 000,00	510 958,46
11000 Kontormateriell	19 567,75	13 663,47	7 716,52	26 000,00	33 979,10	25 000,00	30 486,14	25 000,00	29 527,57	25 000,00	19 963,26
11007 Faglitteratur, abonnement, mv	13 144,00	13 631,05	20 686,78	13 000,00	12 719,60	13 000,00	7 969,25	13 000,00	12 913,00	13 000,00	24 861,00
11200 Anna forbruksmaterieill	36 580,28	7 956,52	5 051,20	25 000,00	12 995,32	25 000,00	18 746,80	25 000,00	16 677,42	25 000,00	42 842,82
11202 Utgifter, ikke oppgaveplikt	9 133,19			15 000,00	8 668,71	15 000,00	0,00	15 000,00	192,50	15 000,00	2 578,31
12101 Leige av bil	36 836,80	73 912,40	50 271,60	50 000,00	38 053,88	52 000,00	40 343,20	60 000,00	120 954,00	70 000,00	673 64,00
11207 Velferdstiltak tilsette	11 960,01	3 264,42	6 430,05	3 000,00	1 600,00	7 500,00	0,00	7 000,00	0,00	7 500,00	5 580,50
11208 Forbruksmaterieill											1 430,00
12600 Vask og reinhold							4 994,00	0,00	25 127,17	20 000,00	46 271,59
11300 Post, banktjenester, telefon	26 822,83	7 084,40	16 292,90	11 000,00	19 005,07	15 000,00	36 996,30	15 000,00	35 089,83	20 000,00	4 453,40
11301 Bankgebyr											840,50
11303 Telefonutgifter	29 685,16	49 019,51	14 956,74	35 000,00	40 653,10	35 000,00	49 023,09	42 000,00	46 908,25	46 000,00	57 401,28
11305 Porto og frankering											10 642,38
11400 Annonsering	17 093,20	9 230,00	35 816,40	0,00	3 120,00	0,00	31 081,00	0,00	57 093,00	0,00	6 730,00
11001 Kopieringsutgifter	7 171,44	5 219,41	3 515,40	12 000,00	7 596,00	13 000,00	4 151,00	13 000,00	2 964,60	21 000,00	12 720,76
((overført neste side - side 2))	3 555 521,19	3 598 492,78	3 664 370,61	4 494 000,00	4 472 359,65	4 900 500,00	4 953 792,37	5 166 000,00	5 277 099,80	5 483 500,00	6 096 571,27

KRYSS REVISJON - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2011 - detaljert spesifikasjon (m/tillegare års rekneskap)											
UTGIFTER	Rekneskap 2005	Rekneskap 31.12.2006	Rekneskap 31.12.2007	Budsjett 2008	Rekneskap 31.12.2008	Budsjett 2009	Rekneskap 31.12.2009	Budsjett 2010	Rekneskap 31.12.2010	Budsjett 2011	Rekneskap 31.12.2011
Art: Art-Kontonummer:	3 555 521,19	3 598 452,78	3 684 370,61	4 434 000,00	4 472 259,65	4 300 500,00	4 333 792,37	5 166 000,00	5 277 099,80	5 483 500,00	6 096 571,27
((saldo overført fra side 1))											
11500 Fagleg opplæring, kurs, mv.	72 236,80	105 009,56	116 546,21	100 000,00	207 508,22	110 000,00	122 714,26	115 000,00	149 838,62	120 000,00	141 146,81
11502 Hotellopphold opplæring/kurs											
11600 Skyss og diettgodtgjerdelse	114 472,70	120 398,80	118 425,00	146 000,00	161 431,15	150 000,00	135 758,12	150 000,00	129 429,64	160 000,00	144 534,72
11602 Skyssutgifter mot refusjon	73 474,74	45 291,05	43 142,77	25 000,00	0,00	40 000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
11650 Andre oppgåvepl godtgjerdelse	30 050,00	37 250,00	33 595,00	48 000,00	47 250,00	48 000,00	44 375,00	48 000,00	40 636,00	0,00	0,00
11651 Telefongodtgjerdelse	3 744,00	2 247,20	8 000,00			8 000,00	8 000,00	8 000,00	0,00		0,00
11700 Transport/driftleigne transpm											
11702 Ikke oppgåvepl. Reiseutgifter (SJA ART 1602)				40 000,00	39 134,51		74 622,13	50 000,00	44 018,88	55 000,00	36 020,88
11703 Drift av leigebil	24 382,68	35 736,64	39 148,37	40 000,00	38 468,47	46 000,00	43 472,78	42 000,00	38 118,85	45 000,00	43 653,82
11704 Vedlikehold transportmiddel											153 567,20
11705 Refusjon utlegg reiser											2 008,81
11706 Årsavg og forsikring leigebil											16 950,00
11800 Elektrisk straum											33 659,57
11855 Yrkesskadeforsikring	3 795,08	4 127,00	542,92	9 000,00	4 376,00	9 000,00	4 601,00	9 000,00	3 819,00	9 000,00	3 963,00
11850 Forsikring utstyr, m.v.	5 998,00	6 159,00	10 853,00	12 000,00	9 273,00	12 000,00	8 927,00	15 000,00	0,00	15 000,00	19 501,50
11900 Husleieutgifter	184 279,00	182 250,00	189 095,00	190 000,00	190 239,25	190 000,00	195 451,00	396 000,00	282 209,74	366 000,00	327 841,64
11959 Kontingentar NKRF og KS						18 000,00	0,00	12 000,00	0,00	18 000,00	83 862,00
11957 Lisensar EDB/IKT	1 025,05	19 628,16	6 212,02	25 000,00	48 128,40	53 000,00	55 806,00	50 000,00	61 503,80	76 000,00	18 420,87
11959 Kontingentar NKRF	29 885,00	31 608,00	37 367,00	33 000,00	53 194,00	39 000,00	58 976,00	60 000,00	45 774,00	60 000,00	0,00
12001 Inventar og utstyr	52 799,19	37 347,55	86 707,20	40 000,00	81 133,20	50 000,00	161 019,72	50 000,00	70 013,21	50 000,00	98 811,40
11957 Data/Serverløsning IKT				200 000,00	0,00		0,00		0,00	0,00	0,00
12405 Vedlikeholdsutgifter EDB /IK	33 224,80	15 488,80	0,00	20 000,00	-6 896,00	25 000,00	800,00	18 000,00	3 887,20	18 000,00	65 171,60
13505 Revisjonstenester	7 000,00	9 649,60	8 000,00	1 000,00	500,00	10 000,00	9 900,00	10 000,00	10 440,00	12 000,00	9 600,00
13500 Rekneskapsføring	30 000,00	30 000,00	31 000,00	31 000,00	31 500,00	31 000,00	27 851,00	30 000,00	30 000,00	30 000,00	33 600,00
14290 Meirverdravgift	58 489,99	64 837,71	83 444,28	0,00	86 149,78		81 642,16		152 720,32		175 739,39
14500 Overføringar til kommunar	599 130,89	0,00	194 289,36	0,00	544 562,90				0,00	324 000,00	323 755,20
14900 Reserverte tilleggsføringar	0,00	0,00	0,00	50 000,00	0,00	50 000,00		50 000,00	0,00	50 000,00	0,00
15001 Morarenter											980,00
15209 Eigenkapitalinnskott KLP	0,00	26 161,00	21 191,00	0,00	19 286,00		21 429,00	20 000,00	23 128,00		24 837,00
15400 Utgiftsføring avsetningar		182 000,00	200 000,00				45 000,00		50 000,00	250 000,00	250 000,00
15800 Ikke disponert årsoverskott									464 399,63		0,00
SUM UTGIFTER	4 887 382,37	4 902 172,21	5 381 690,64	5 253 000,00	6 027 318,53	5 719 500,00	6 657 878,12	6 299 000,00	6 888 826,33	7 171 500,00	7 969 377,18

KRYSS REVISJON - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2011 - detaljert spesifikasjon (m/tidlegare års rekneskap)												
Art	Art-/Kontonummer	Rekneskap 2005	Rekneskap 31.12.2006	Rekneskap 31.12.2007	Budsjett 2008	Rekneskap 31.12.2008	Budsjett 2009	Rekneskap 31.12.2009	Budsjett 2010	Rekneskap 31.12.2010	Budsjett 2011	Rekneskap 31.12.2011
INNTEKTER												
ARETS RESULTAT												
	INNTEKTER:		394 289,36	544 562,90		75 066,84						
	Diverse refusjoner		5 335 543,57	5 965 760,54	0,01							
16500	Anna avgiftpliktig omsætning	48 000,00	45 800,00	75 200,00	81 000,00	37 000,00	85 000,00	123 500,00	120 000,00	98 500,00	142 000,00	131 499,95
17100	Refusjon sjøkepengar		9 595,00	8 315,00	0,00	6 168,00		126 754,00				20 072,00
17101	Refusjon fødselspengar		78 638,00	186 352,00				143 190,00		434 154,00		458 986,00
17290	Refusjon av moms (momskompensasjon)	41 335,65	45 546,21	83 444,28	0,00	86 149,78		81 642,16		152 720,32		175 739,39
17500	Refusjon frå kommunar	4 415 000,00	4 390 000,00	4 400 500,00	4 836 000,00	4 926 902,00	5 334 500,00	5 263 800,00	5 780 000,00	5 780 000,00	5 988 000,00	5 989 050,00
17700	Overføringsfrå andre	108 417,72	89 027,00	2 400,00	50 000,00	3 787,00	50 000,00	5 390,00	50 000,00	44 877,00	50 000,00	133 637,00
17800	Refusjonar frå særbedrifter, KF, m.v.	273 099,00	283 000,00	297 500,00	258 000,00	307 703,00	320 000,00	293 000,00	327 000,00	307 000,00	356 000,00	221 000,00
19009	Renteinntekter		6 366,00	13 890,00	8 000,00	40 004,00	15 000,00	5 024,00	22 000,00	6 847,00		57 850,00
19300	Disponering tidlegre års overskot	1 530,00		394 289,36	0,00	544 562,90		15 573,96			465 000,00	464 399,63
19400	Brnk av avsetningar/disposisjonsfond									45 000,00	159 500,00	159 355,20
19400	Brnk av disposisjonsfond											157 788,01
	SUM INNTEKTER		4 887 582,37	4 903 172,21	5 253 000,00	6 027 318,53	5 719 500,00	6 057 878,12	6 299 000,00	6 888 826,33	7 171 500,00	7 969 377,18

31/12.2011/20.02.2012
 KOMMUNEREVISJONEN
 Ytre Sogn og Sunnfjord
 Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Revisor: [Signature]

Driftsrekneskap Kryss Revisjon 2011						
	Rekneskapskjema 1 Driftsrekneskapen	Rekneskap 2011	Reg.budsj.	Oppr.budsj.	Rekneskap 2010	
	Inntekter					
1	600-659 Aktiviteter, tiltak	-131 499,95	-142 000,00	-142 000,00	-19 728,01	
2	660-679 Sal av driftsmidler/fast eiendom					
3	700-789 Refusjonar/overføringer	-6 998 484,39	-6 394 000,00	-6 394 000,00	-6 817 251,32	
4	790 Interne overføringer					
5	800-829 Stallege tilskot					
6	830-839 Refusjon Førde kommune					
7	840-859 Tilskot					
8	860-879 Gåver, sponsor inntekter					
9	Sum driftsinntekter	-7 129 984,34	-6 536 000,00	-6 536 000,00	-6 836 979,33	
	Utgifter					
10	010-099 Løn og sosiale utgifteer	5 776 238,38	5 129 000,00	5 129 000,00	4 940 540,66	
11	100-299 Kjøp av varer og tenester	1 374 627,21	1 376 500,00	1 376 500,00	1 217 597,72	
12	300-389 Revisjon, rekneskapsføring	43 200,00	42 000,00	42 000,00	40 440,00	
13	390 Kalk.utg. ved komm. fj.yting					
14	400-479 Mva, overføring kommunar	499 494,59	0,00	0,00	152 720,32	
15	4900 Reserverte løyvingar		50 000,00	50 000,00		
	Sum driftsutgifter	7 693 560,18	6 597 500,00	6 597 500,00	6 351 298,70	
16	Brutto driftsresultat	563 575,84	61 500,00	61 500,00	-485 680,63	
17	900-909 Renteinntekter					
18	920-929 Motteke avdrag på utlån	-57 850,00	-11 000,00	-11 000,00	-6 847,00	
19	500-509 Renteutgifter og låneomkostningar	980,00				
20	510-519 Avdrag på lån					
21	520-529 Avsetning eigenkapital, KLP	24 837,00			23 128,00	
22	Netto finansinntekter/-utgifter	-32 033,00	-11 000,00	-11 000,00	16 281,00	
23	590 Avskrivningar					
24	990 Motpost avskrivningar					
25	Netto driftsresultat	531 542,84	50 500,00	50 500,00	-469 399,63	


		Interne finansieringstransaksjonar						
26	930	Bruk av utdisponert frå tidl.år	-464 399,63	-50 500,00	-50 500,00			
27	940-949	Bruk av disposisjonsfond	-317 143,21					-45 000,00
28	950-959	Bruk av bundne fond						
29	960	Bruk av likviditetsreserve						
30		Sum bruk av avsetningar	-781 542,84	-50 500,00	-50 500,00			-45 000,00
31	530	Avsett til dekning frå tidl.år						
32	540-549	Avsett til disposisjonsfond						50 000,00
33	550-559	Avsett til bundne fond	250 000,00					
34	560	Avsett til styrking av likv.res.						
35	570	Overført til investeringsrekneskapen						
36		Sum avsetningar	250 000,00	0,00	0,00			50 000,00
580		Rekneskapsmessig mindreforbruk						464 399,63
980		Rekneskapsmessig meirforbruk						
			0,00	0,00	0,00			0,00

Førde 15.02.2012


Agnar Ashnes


31/12.2011 / 29.02.2012


Ranghild Russenes


Kontrollertevisjonen
11022 Sunnfjord
11022 Sunnfjord
11022 Sunnfjord

Ranghild Russenes


Røkneskapssjema - Balanse Kryss Revisjon			
A	Kap. 2.2	Anleggsmidler	
			2011
			2 010
	2.27 - 2.29	Fast eiendom og anlegg	
	2.24 - 2.26	Utstyr, maskiner og transportmidlar	
	2.22 - 2.23	Utlån	221 254,00
	2.21 -	Aksjer og andelar	246 091,00
		Sum anleggsmidler	246 091,00
B	Kap. 2.1	Omløpsmidlar	
	2.13 - 2.17	Kortsiktige fordringar	262 380,37
	2.18 -	Aksjer og andelar	
	2.12 -	Sertifikater	
	2.11 -	Obligasjonar	
	2.10 -	Kasse, bankinskot	1 085 815,47
		Sum omløpsmidlar	1 348 195,84
C		Eigendelar	1 594 286,84
D	Kap 2.5	Eigenkapital	
	2.56 - 2.58	Disposisjonsfond	-274 211,99
	2.51 - 2.52	Bundne driftsfond	-341 355,20
	2.53 - 2.54	Ubundne driftsfond	
	2.55 -	Bundne investeringsfond	
	2.5950 -	Rekneskapsmessig mindreforbruk	-464 399,63
	2.5900 -	Rekneskapsmessig meirforbruk	
	2.5980 -	Likviditetsreserve	
	2.5990 -	Kapitalkonto	-246 091,00
		Sum eigenkapital	-520 302,99
E	Kap. 2.4	Langsiktig gjeld	
	2.41 - 2.42	Ihendehavarobligasjonar	
	2.43 - 2.44	Sertifikatlån	
	2.45 - 2.49	Andre lån	
		Sum langsiktig gjeld	0,00
F	Kap 2.3	Kortsiktig gjeld	
	2.31 -	Kassakredittlån	
	2.32 - 2.39	Anna kortsiktig gjeld	-1 073 983,85
		Sum kortsiktig gjeld	-1 073 983,85
G		Sum gjeld og eigenkapital	-1 594 286,84
	Kap 2.9	Memoriakonti	
	2.9100 -	Ubrukte lånemidler	
	2.9200 - 2.9899	Andre memoriakonti	
	2.999 -	Molkonto for memoriakontiane	
			0,00
			0,00

Førde 15.02.2012


Agnar Asnes

31/2-11 / 29/2-2012
Kommunerevisjonen
Ytre Soga og Scausford
Postboks 477, 6801 Førde


Ranghild Russe


Dagbjørn

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR KRYSS REVISJON 2011

Note 1. Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar:

KRYSS Revisjon sitt rekneskap er ført i samsvar med god kommunal rekneskapskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa inneber bl.a. at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og anordningsprinsippet. Det betyr at alle kjende inntekter og utgifter vert tekne med i driftsrekneskapen om dei er betalt eller ikkje ved årsskiftet. I Balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter prinsippet om lågaste verdi. Det er i 2011 føreteke endringar i artskontoplanen som gjer at rekneskapen er meir spesifisert enn budsjettet; dette pga felles artskontoplan i 'FØYS-samarbeidet' (som rekneskapsfører Førde kommune er ein sentral del av).

Note 2. Løns- og personalutgifter

Består av følgjande postar:	2011	2010	2009
Løner	4 617 275,-	3 924 059,-	3 701 182,-
Folketrygdavgift	510 958,-	411 369,-	436 129,-
Pensjonsutgifter	648 005,-	605 112,-	592 720,-
<u>Andre lønsutgifter</u>			
<u>Sum løns- og personalutgifter</u>	<u>5 776 238,-</u>	<u>4 940 540,-</u>	<u>4 730 031,-</u>

Når ein vurderer lønskostnadene i 2011 må ein ta i betraktning at ein i delar av året hadde to tilsette ute i svangerskapspermisjon. Disse har fått løn utbetalt via selskapet, men som det seinere er kom refusjon for. Ein må såleis ta omsyn til sjukepengerefusjonar og fødselspengar som er inntektsført i rekneskapen i 2011, når ein vurderer lønskostnadene i 2011.

Note 3. Pensjonsforpliktingar:

Alle tilsette er knytta til felles kommunal pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Arbeidsgjevar sin andel av premien er utgiftsført med kr. 648.005,-, mot budsjettert kr. 560.000,-. Dei tilsette betaler inn 2 % av premien. Dette vert trekt frå den tilsette i månadlege lønsutbetalingar. Kr. 314.978,- av premien til KLP i 2011 utgjer reguleringspremie og eigenkapitalinnskott som er betalt inn til KLP i 2011 utgjer kr. 24.837,- i 2011 mot kr. 23.128,- i 2010.

Note 4. Bundne midlar:

I posten bankinnskott inngår skattetrekkmidlar med kr. 224.203,-.

Note 5. Avsetningar og bruk av avsetningar:

Rekneskapen for 2011 er gjort opp i balanse ved at det i summen bruk av avsetningar er inntekte (inntektsført) kr. 157.788,01, som elles ville kome fram som ein underbalanse og eit rekneskapsmessig underskot for 2011. Det må her takast i betraktning at det i samband med årsoppgrjeret for driftsåret 2010, vart vedteke av Samstyret at rest igjenståande tilgode midlar for eigarkommunane frå tidlegar år, med kr. 109.355,20, skulle attendebetalast den einskilde kommune. I tillegg vedtok Samstyret å attendebetale kr. 214.400,- av årsoverskotet for 2010, samstundes som kr. 250.000,- av årsresultatet for 2010 vart avsett som buffertfond/disposisjonsfond.

Note 5 – forts.

Intensjonen har vore at avsette midlar skulle gå med til oppdekking av attendebetalingsane til eigarkommunane og samstundes inndeke meirkostnader ein har hatt for å kome ajour med dette, og også bl.a. å følge opp avtalen med SYS IKT (support og dataserverløyising, m.v.); dvs. økonomiske konsekvensar knytta til den avtalen som vart endeleg vedteken av Samstyret i oktober 2011. Ved årsskiftet gjenstår det såleis kr. 274.211,99 i buffertfondet/disposisjonsfondet, når det ovanfor-nemnde er hensynteke. Ein viser til balanserekneskapen som spesifiserer dette.

Følgjande tabell kann settast opp pr. 31.12.11 for det som gjeld avsetningar og bruk av avsetningar i driftsåret 2011, samt inngåande og utgåande saldo ved årsskiftet.

	Disposisjons- fond	Bundne fond	Sum for 2011	Sum for 2010
Saldo pr. 01.01.11	341.355,20	0,00	341.355,20	336.355,20
Avsetningar	250.000,00	0,00	250.000,00	50.000,00
Bruk av avsetningar	317.143,21	0,00	317.143,21	45.000,00
Saldo pr. 31.12.2011	274.211,99	0,00	274.211,99	341.355,20

Note 6. Kapitalkonto

	Debet	Kredit
Inngåande balanse		221 254,00
Kjøp av aksjar og andelar i KLP (eigenkapitalinnskot)		24 837,00
Utgåande balanse		246 091,00

Note 7. Endring i arbeidskapitalen - pr. 31.12.2011

Balanserekneskapen	2011	2009	Endring
2.1. Omløpsmidlar	1 348 195,84	1 623 572,65	
2.3. Kortsiktig gjeld	-1 073 983,85	- 817 817,82	
	274 211,99	805 754,83	531 542,84
Driftsrekneskapen			
Økonomisk oversikt drift:			
Driftsinntekter 600 – 899	- 7 129 984,34		
Driftsutgifter 001 – 499	7 693 560,18		
Avskrivningar 590	0,00		
Eksterne finansinntekter 900 – 921	-57 850,00		
Eksterne finanskostnader 500 – 521	25 817,00		
Motpost avskrivningar	0,00		
Endring i arbeidskapitalen	531 542,84		531 542,84
			0,00

Note 8. Leigebilavtale

Vi fekk havari på leigebilen og ekstra kostnader her er framført på eigen utgiftsart, 11704. I tillegg gjer omlegging av meir spesifisert artskontrollplan i 2011 at årsavgift og forsikring leigebil er ført på eigen art i 2011. Samla viser leigebilkostnadene ein meirkostnad i høve budsjettert sum, som tilsvarende havarikostnadene. Det er skifta bil inn i 2012 der dette er avrekna i eit overgangsoppgjør med utleigefirmaet.

Note 9. Fagleg oppdatering, kursdeltaking, reiseutgifter, mv.

Utgiftspost, art 11500, 'fagleg oppdatering, kurs, mv.' viser eit forbruk på kr. 141.146,81, mot budsjettert sum på kr. 120.000,-. Denne posten må sjåast i samanheng med art 11600 reiseutgifter, (med budsjett kr. 160.000,-, og utgiftsført kr. 144.534,72), og art 1700, 'reiseutgifter mot refusjon' (med budsjett kr. 55.000,-, og forbruk kr. 36.020,88).

Note 10. Inventar og utstyr

Det er i 2011 brukt kr. 98.811,40 til inventar og utstyr, mot ein budsjettert sum på kr. 50.000,-. Dette vert forklart med at ein i 2011 har måtte skifta ut fleire stasjonære og bærbara PC'ar pga havari, og det same gjeld mobiltelefonar som tilsette skal bruke i jobbsamanheng. Det er også føreteke diverse innkjøp hyller, skap, m.v. til kontor, arkiv/fjernarkiv, som gjer at budsjettposten for 2011 vart for liten.

Note 11. Husleige, straum, reinhald

For 2011 vart det på art 11900, Husleigeutgifter, budsjettert med samla sum på kr. 366.000,-. Dette skulle dekke husleigeutgifter for hovudkontoret i Førde, regionskontoret i Flora og regionskontoret i Hyllestad. Husleigene for kontora i Flora og Hyllestad har i seg vask/reinhald og straum. Når det gjeld straum og vask/reinhald ved hovudkontoret i Førde, er det egne avtaler med Sunnfjord Energi AS (straum) og ISS når det gjeld vask og reinhald. Desse utgiftene er rekenskapsført kvar for seg i 2011, slik at ein lettare skal kunne budsjettere desse utgiftene framover. Sum bokført husleigeutgifter på art 11900 utgjer for 2011 kr. 327.841,64. Straumutgifter er bokført på art 11800 'Straum', med kr. 33.659,57, og utgifter til vask og reinhald er bokført på art 12600 med kr. 46.271,59. I sum viser desse postane eit meirforbruk i høve budsjettet på vel kr. 40.000,-. Den lange kuldeperioden i 2011 forklarar ein del av straumforbruket i 2011.

Note 12. IKT, Serverløyising, m.v.

I oktober 2011 vedtok Samstyret ein samarbeidsavtale med det interkommunale IKT-samarbeidet. Det er i 2011 gjort opp i tråd med avtalen, og i tillegg har vi hatt ein del uforutsett support pga defekte PC'ar (feilsøking, delvis reparasjonar, osv. – som likevel ende med utskifting av materiell). Det er utgiftsført kr. 65.171,60, mot budsjett kr. 18.000,-. Framtidige årsbudsjett må justerrast i tråd med avtalen med SYS IKT.

Note 13. InntektspostaneSjukepengar/fødselspengar:

I 2011 har ein motteke kr. 20.072 i sjukepengerefusjonar og kr. 458.986,- i refusjon av fødselspengar. Desse postane må sjåast i samanheng med lønskotnadene i 2011.

Overføringar frå kommunane:

Revisjonshonorara frå eigarkommunane utgjer kr. 5.989.050,-. Dette er minimal endring i høve det som var lagt i budsjettet for 2011. Det må her takast omsyn til at meirkostnader i 2011 er dekkja inn via tidlegare års avsette midlar. Når det gjeld spsikasjon av kommunehonorara på eigarkommunane viser ein til *note 15* nedanfor.

Overføringar frå andre:

Det vert vist til spesifisert artskontoplan for inntektene. Overføringar frå andre er inntektsført med kr. 133.637,-, mot budsjettert (art 17700) kr. 50.000,-. Tilsvarende er det inntektsført kr. 221.000,- på art 17800, 'refusjonar frå særbedrifter, KF, m.v.', mot budsjettert kr. 356.000,-. I tillegg er det på art 16500, 'avgiftspliktig omsetning', inntektsført kr. 131.499,95, mot budsjettert kr. 142.000,-. Som nemnt i note 1, så har ein lagt om artskontoplanen i 2011. Desse inntektspostane må sjåast i samanheng når ein vurderer bokførte inntekter opp imot budsjettert sum i 2011 på den einskild art/konto.

Refusjon av meirverdiavgift:

Samla sum refunderbar meirverdiavgift går fram av både utgiftssida og inntektssida. For 2011 utgjer sum refusjonskrav meirverdiavgift for 2011 kr. 175.739,39.

Finansinntekter/Renteinntekter:

Det er i 2011 innteksført renteinntekter med kr. 57.850,-, mot budsjettert kr. 11.000,-. Dette vert forklart med stort sett rettidige innbetalningar frå kommunane og oppdraga, og den generelle rentenivået i bankmarknaden

Note 14. Interne finansieringstransaksjonar

Bruk av interne finansieringstransaksjonar er artar som vert nytta for å synleggjere/bokføre bruk av avsetningar eller tilføring av avsetningar til eigenkapitalen. Slik rekneskapen er presentert på detaljnivå, blåser desse postane opp både utgiftssida og inntektssida i rekneskapen.

For driftsåret 2010 viste årsrekneskapen eit rekneskappmessig overskot på kr. 464.399,63. Dette resultatet disponerte Samstyret i mai-møtet i 2011, ved at kr. 250.000,- vart avsett til buffertfond/disposisjonsfond, og restbeløpet kr. 214.400,00 vart vedteke attendebetalte til kommunane. Disponeringa av årsoverskotet for 2010 går fram av art 19300 i 2011-rekneskapen.

I tillegg vedtok Samstyret i mai-møtet 2011 at avsette midlar frå tidlegare år, rest kr. 109.355,20, skulle attendebetalast til eigarkommunane i hht *note 11* til årsrekneskapen for 2010; jfr. *note 13* til årsrekneskapen for 2010. Samla tilbakebetalt til eigarkommunane i 2011 utgjer kr. 323.755,20. Dette går fram av art 14500, 'overføringar til kommunar' (kr. 214.400,00 + kr. 109.355,20).

Når det gjeld bruk av avsetningar, art 19400, så er denne bruken spesifisert på to linjer i 2011-rekneskapen. Kr. 159.355,20 skriv seg frå to beløp; - ovannemnde beløp som er attendebetalte til kommunane, kr. 109.355,20, og i tillegg kr. 50.000,-, som er tidsavgrensingar gjort i 2010, som blei avsett i 2010-rekneskapen og teke til inntekt att i 2011-rekneskapen. Når det gjeld det andre beløpet, ført på eigen linje, art 19400, 'bruk av disposisjonsfond', så utgjer dette isolert sett underbalansen i 2011 som er inndecka ved bruk av avsetningar frå tidlegare år, slik at årsrekneskapen for 2011 er gjort opp i 0,-.


Note 15. Budsjettreguleringar i året

Under handsaminga av årsrekneskapen for 2010, i Samstyremøte den 12.05.11, sak 04/11 og sak 05/11, vart det gjort vedtak som hadde konsekvensar for budsjettrekneskapen for 2011. Dette innebar vedtak knytta til disponering av årsresultatet for 2010 (kr. 464.399,20) og attendebetaling av tidlegare års avsetningar (kr. 109.355,20), som i realiteten også må sjåast på som budsjettreguleringar. Den spesifiserte budsjettrekneskapen pr. 31.12.11 har desse reguleringane i seg, men tilsvarende kjem ikkje fram på hovudoversiktsnivå for driftsrekneskapen. Der framkjem *kolonne for regulert budsjett* med same beløp som i *kolonne for opprinneleg budsjett*. Endringane er ikkje blitt gjort i budsjettrutinen for 2011 før årsskiftet og etter det opplyste frå rekneskapsførar, er det ikkje mogleg å endre budsjettet etter 31.12. Når det gjeld talstorleikane det her er snakk om viser ein til opplysningane i Note 14 ovanfor og elles til detaljane som går fram av den spesifiserte rekneskapsutskrifta av årsrekneskapen i rekneark pr. 31.12.11, i 3 sider, signert av dagleg leiar 29.02.2012.

Note 16. Kommunespesifikasjon av honorarstorrelsar fordelt på eigarkommunane i 2011

Ein viser til eige rekneark, Note 16, som følgjer vedlagt. Denne viser sum fordelte og fastsette honorarstorrelsar fordelt på kvar av dei elleve eigarkommunane i 2011, samanlikna med budsjett 2011 og tilsvrande rekneskapsstal for 2010. Ettersom årsoppgjøret er gjort opp i 0,-, framstår dei kommunevise fordelinga stort sett (minimale endringar) i samsvar med det som var føresett i budsjettet for 2011.

Førde den 29.02.12


Terje Førde
Dagleg leiar
Dagleg budsjettreguleringssjef

Kommunespesifikasjon av honorarstørrelsar 2011 :

										(delark) \\\Ret\2011\Samanstilling\KRYSS.xls / tft2	
Sum kostnader i årsrekneskapen for 2011, til fordeling på kommunane:										Brutto kostnad	7395621,98
Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.										Andre inntekter	-1248783,97
											-157 788,01
											5 989 050,00
											Sum fordelt kommunane
Kommune:	Folketal	Fordeling 1/4 fast	Fordeling 1/4 folketal	Ressurs fordeling	Bud.beløp Medgått tid	Endeleg. fordelt 2011	Til samanlikning		☞ ☒ ☛		
							Budsjett 2011	Reknesk 2010			
1401 Flora	11654	136 114,77	371 842,83	11,21	355 642,40	843 600,00	843 500,00	781 500,00			
1411 Gulen	2310	136 114,77	73 704,90	9,90	296 280,33	506 100,00	506 000,00	469 500,00			
1412 Solund	851	136 114,77	27 152,75	6,18	184 832,48	348 050,00	348 000,00	323 500,00			
1413 Hyllestad	1461	136 114,77	46 615,95	8,05	241 069,28	423 800,00	423 800,00	392 200,00			
1428 Askvoll	3010	136 114,77	96 039,71	8,04	240 895,52	473 050,00	473 000,00	439 000,00			
1429 Fjaler	2832	136 114,77	90 360,28	9,99	300 024,95	526 500,00	526 600,00	490 500,00			
1430 Gaular	2848	136 114,77	90 870,79	9,00	269 364,44	496 350,00	496 200,00	461 600,00			
1431 Jølster	3052	136 114,77	97 379,80	8,69	259 805,43	493 300,00	493 200,00	458 800,00			
1432 Førde	12307	136 114,77	392 677,97	11,45	342 757,26	871 550,00	871 000,00	813 000,00			
1433 Naustdal	2710	136 114,77	86 467,65	7,18	214 867,58	437 450,00	437 500,00	407 000,00			
1438 Bremanger	3891	136 114,77	124 149,67	10,31	308 985,56	569 300,00	569 200,00	529 000,00			
	46926	1 497 262,47	1 497 262,30	100,00	2 994 525,23	5 989 050,00	5 988 000,00	5 780 000,00			

Honorarstørrelsane for dei kommunale særbedrifter, føretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er *trekt ut for fordeling på kommunane*. Også andre inntekter, som t.d. renteinntekter og overføringar frå andre er også trekt ifrå før berekninga av endelege revisjonshonorar for 2011 for eigarkommunane.

Kommunerevisjonen
 Yngve Agnø, Samnifjord
 Dagleg leiar/Revisjonssjef

31.12.2011
 29.02.2012

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Til

Styret for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS)

Revisjonsmelding 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for det interkommunale samarbeidet KRYSS. Rekneskapen er sammansatt av driftsrekneskap, balanse, ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar. Driftsrekneskapen viser sum driftsutgifter kr 7 693 560,18 mot budsjettert kr 6 597 500 og er oppgjort i balanse etter motteke ikkje budsjettert momskompensasjon og inntektsføring av tidlegare års overskot og fondsavsetningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for samarbeidet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om

Org.nr:	Kommune:	Adresse:	Telefon:	E-postadresse:	
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87	revisor@eid.kommune.no
	GLOPPEN	Postboks 300	6821 Sandane	57 00 92 64	revisor@gloppen.kommune.no
	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 08	revisor@hornindal.kommune.no
	SELJE		6740 Selje	57 85 85 26	revisor@selje.kommune.no
	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19	revisor@stryn.kommune.no
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måløy	57 84 50 29	revisor@vagsoy.kommune.no

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

effektiviteten av samarbeidet sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til samarbeidet per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 13.03.2012


Markvard Sunde
Revisjonssjef

**023/12 PROSJEKTRKESKAP – SLUTTRKESKAP OG SLUTTRAPPORT
PROSJEKT NR 142/1053 AVLØPSANLEGG – FØRDE BY**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 30.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.06.2012	023/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Saksutgreiing administrasjonen, datert 03.05.12.
- Rekneskap, datert 22.05.2012.
- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon, datert 22.05.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova .
- Økonomireglement for Førde kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 22.05.2012.
- Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert innanfor regleverket, har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – SLUTTREKESKAP OG SLUTTRAPPORT
PROSJEKT NR 142/1053 AVLØPSANLEGG – FØRDE BY**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 142/1053, «Avløpsanlegg – Førde by». Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når bystyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 22.05.2012.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 84.800.090,- Budsjettråma var på kr. 79.960.000,- Meirforbruket på prosjektet er kr. 4.840.090,-. Prosjektet er finansiert ved låneopptak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er at overskridinga vert finansiert gjennom låneopptak.

Bystyret gjer endeleg vedtak om prosjektrekneskapen, også med omsyn til på kva måte prosjektet skal fullfinansierast.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket.



Førde kommune

Styre, råd og utval

Kontrollutvalet

Førde

Bystyre

Møtedato**Saksnr****Sakshandsamar:**

Magne Reidar Førde

Arkiv:

FE-, FA-M31

Arkivsaknr.:

08/105

Prosjektrekneskap for Avløpsreinsanlegg - Førde By

Vedlegg:

25.04.2012 Prosjektrekneskap for Avløpsreinsanlegg

Bakgrunn for saka:

Arbeidet med planlegging og bygging av nytt reinsanlegg for Førde By, starta i 2000, med resipientundersøking i Førdefjorden, og førebuaende planarbeid.

Prosjektet har hatt ei samla råde på kr. 79 960 000, inkludert resipientundersøking i Førdefjorden.

Oversikt over vedtak:	Løyving
BY 084/97	4 120 000
BY 057/99	500 000
BY 082/04	20 000 000
BY 089/06	10 000 000
BY 021/07 - 082/07	45 340 000
Sum	79 960 000

Reinsanlegget er overlevert og driftssett, i tråd med kontrakter og avtaler om tilleggsarbeid, etter NS 8405 (2004). Noko avsluttande restarbeid pågår.

Reinsanlegget oppfyller reinsekrava i Fylkesmannen sitt utsløppsløyve, med god margin.

Saksutgreiing:

Reinsanlegget på Øyrane er eit tradisjonelt biologisk/kjemisk reinsanlegg, men også eit teknisk avansert prosessanlegg. At både tids- og kostnadsråde for eit slikt prosjekt vert utvida fleire gonger, er naturleg fordi drøftingar og val av løysingar er basert på stegvis framdrift med omfattande og detaljert dokumentasjon av faktiske lokale tilhøve. For anlegget på Øyrane inkluderte dette følgjande problemstillingar;

- Ei funksjonelt og økonomisk tenleg løysing i 50 – 60 års perspektiv, basert på ei realistisk utvikling av Førde by.
- Påslepp frå Nortura, med tekniske og biologiske konsekvensar for prosessval.
- Reinsekrav og utsløppskrav i høve til separate anlegg, eller eit felles anlegg for Førde kommune og Nortura, etter gjeldande forskrifter.
- Framtidig endring/skjerping av reinse- og utsløppskrav.

Bygginga av anlegget vart gjennomført som delte, byggherrestyrte entrepriser. Dette er eit naturleg val for eit prosessanlegg av denne storleiken. Det gir byggherren betre styring og kontroll på byggeplassen, men det medfører også større økonomisk risiko.

Prosjektet vert avslutta med ein kostnad på kr. 84 800 090,-. Dette medfører eit meirforbruk i høve til budsjett, på kr. 4 840 090,-.

Overskridinga inkluderer finanskostnader på kr. 1 272 833,- som det ikkje var avsett midlar til i prosjektbudsjettet.

Øvrig overskriding gjeld meirarbeid for byggherre og assisterande byggeleiing, i samband med endringar og tillegg til nokre entreprisar.

Drifta hittil har vist at nokre funksjonar må utbetrast, og dette vil medføre ytterlegare meirkostnader. Dette gjeld i hovudsak to tilhøve.

- Luftfjerningsanlegget fungerer ikkje tilfredstillande. Saman med konsulentar og leverandørar arbeider vi med kartlegging av problemstillingar og løysingar.
- Avvik i høve til Norsk Akkreditering sine retningsliner og krav til dokumentasjon av avløpsmengder gjennom anlegget, og krav til instrumentering, prosedyrar og dokumentasjon av prøvetaking og analyse. I anlegget er dette knytt til fysisk utforming av overløp, røyrinstallasjonar, og driftsovervakingsanlegg. Vi arbeider med å samanstille naudsynt teknisk dokumentasjon.

Påsleppet frå Nortura utgjer ein stor del av samla avløpsmengde, og har tidvis skapt store driftsproblem for anlegget på Øyrane. Nortura har bygt nytt reinseanlegg på Reset, i tråd med utsleppsløyve frå Fylkesmannen, og dette anlegget vart driftssett i februar/mars i år. Driftstilpassing av anlegget gjer at det vil ta litt tid før Nortura sitt påslepp kan dokumenterast i høve til krava som er stilte i løyvet.

Lekkasjar i deler av avløpsnett, medfører store regnvassmengder i avløpet, i regnversperiodar. Dette gjeld i hovudsak i Steinenområdet, og utbetring av ledningsnett vil betre driftstilhøva i reinseanlegget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapsrapport, datert 25.04.12, for utbygging av nytt reinseanlegg for Førde by, vert godkjend med ei overskriding på kr 4 840 090,-
2. Overskridinga vert finansiert ved låneopptak. Rådmannen får fullmakt til å avtale nærmare vilkår for låneopptaket.
3. Kostnadsoversikt for gjenståande tilleggsarbeid vert lagt fram som eiga sak, så snart den ligg føre.

Førde, den 03.05.2012


Ole John Østenstad
Rådmann


Magne Reidar Førde
Ingeniør VA


Sluttrekneskap Silanlegg Øyrane
Kostnadsrammer, rekneskap og avvik, samt finansiering.

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:				
Silanlegg Øyrane	Opprinneleg	Justert	Rekneskap	Avvik
Utgifter:				
Innvestering utgifter	79 960 000		84 800 092	-4 840 092
Prosjektspesifikk finansiering:				0
Øremerka tilskot			0	0
Investeringsfond			-108 863	108 863
Lån	-79 960 000		-79 851 137	-108 863
Anna generell finansiering				
Sum finansiering	-79 960 000		-79 960 000	

Oversikt over vedtak:	Løyving:
BY 057/99	500 000
BY 084/97	4 120 000
BY 082/04	20 000 000
BY 089/06	10 000 000
BY 082/07	45 340 000
Sum	79 960 000

Førde 24.04.2012


 Terje Guddal
 Leiar Rekneskap/Skatt


 Magne Reidar Førde
 Prosjektleiar

22.05.2012


 Kari Sygna
 Kommunerevisor I

Førde bystyre
v/ ordføreren

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
Sluttrapport/prosjektrekneskap Avløpsreinsing-142/1053	Khs	212H31&14	074/2012	22.05.2012

REVISJONSUTTALE – SLUTTREKNESKAP/ PROSJEKTRKESKAP FOR PROSJEKT 142/ 1053, AVLØPSRENSLEANLEGG – FØRDE BY . Rapporteringsperiode 1999 – 2012.

Vi har gjennomført kontrollhandlingar mot ovannemnde prosjektrekneskap. Vårt oppdrag er utført i samsvar med SBT 4400 - Avtala kontrollhandlingar. Handlingane er utført for å bistå kommunen i å vurdere riktigheita av rekneskapen. Sluttrekneskapen/ prosjektrekneskapen syner total kostnad på kr 84.800.090,-. Vedteken budsjettamme er på kr 79.960.000,-. Den framlagde sluttrekneskapen / prosjektrekneskapen syner såleis eit meirforbruk på kr 4.840.090,- i forhold til vedteken budsjettamme. Dette utgjør eit meirforbruk på om lag 6 %.

Vi oppsummerer vårt arbeid slik:


- ◆ Prosjektrekneskapen er avslutta i samsvar med Førde kommune sine vedtak om budsjett og finansiering i sak BY 057/99, 084/97, 082/04, 089/06 og 082/07.
- ◆ Prosjektrekneskapen er konsistent med Førde kommune sine årsrekneskap som den byggjer på.
- ◆ Samla kostnad på 84.800.090,- er inkludert kr 190.886,- som er avsatt til fond for å dekke forventade kostnader .
- ◆ Prosjektet er i sin heilheit aktivert i rekneskapen til Førde kommune med avskrivingsstid 20 år , ref. til Forskrift om årsrekneskap og årsberetning, § 8, Vurderingsreglar , «tekniske anlegg (VAR), rensleanlegg». Vi gjer merksam på at for *ledningsnett*, er tilleten avskrivingsstid 40 år. Etter vår oppfatning kan Førde kommune vurdere om kostnader som gjeld ledningsnett bør skiljast ut ved aktivering.

Det ligg til Førde bystyre å godkjenne prosjektrekneskapen og å gjere vedtak om finansiering av meirforbruket på kr 4.840.090,-.

Vi har ikkje ytterlegare kommentarer til rekneskapen, og vidare revisjonshandlingar mot denne vert innstilt frå vår side når Førde bystyre sitt vedtak i sluttrekneskap/prosjektrekneskapsaka er effektivt.

Sidan dei ovanståande kontrollhandlingane verken utgjør revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for tryggleik for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tillegghandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk. Vår rapport er utelukkande utarbeida for det formål som er beskrive i første avsnitt i denne rapporten og til dykkar informasjon, og skal ikkje nyttast til noko anna formål.

Førde, 22. mai 2012


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

kopi: kontrollutvalet

KRYSS REVISJON

024/12 OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 01.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Bystyret	08.06.2012	024/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2012 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 4-2012 Førde vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 31..mai 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2012 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
09/11 Orientering – Tilbod for mottak av farleg avfall i Førde kommune.	08.03.11		08.03.11 KU vedtak – tek rådmann sin orientering til vitande. - Ligg på oppfølgingsliste for seinare oppfølging. Sjå sak 40/11
023/11 Barnevernet i Førde – Fristbrot og manglande tilsyn og tiltaksplanar – orientering rådmann.	26.08.11		26.08.11 Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande og saka vert sett opp på oppfølgingsliste for oppfølging hausten 2012
024/11 Orientering – Tilbod for mottak av farleg avfall i Førde kommune.	26.08.11		26.08.11 Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande og saka vert sett opp på oppfølgingsliste for seinare oppfølging. 30.05.12 O.J. Østenstad «Ikkje noko nytt i saka»
040/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	06.12.11		19.10.11 E-post til revisor og rådmann. 06.12.11 Vedtak KU – Utset saka.
041/11 Overordna analyse.	06.12.11		06.12.11 Vedtak KU -KU tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon KU ber om rullering av OA frå 2008. 15.12..11 s brev til KRYSS.
008/12 Eventuelt	30.01.12		30.01.12: Vedtak i KU – Kontrollutvalet ber om å få tilsendt referat frå møtet i investeringsprosjektgruppa. 30.01.12 E-post til Førde kommune «Vi ber om at kontrollutvalet som fast ordning får tiseendt møteprotokollar for møte i investeringsprosjektkomiteen.»
012/12 Revisjonsrapport - "Søkjelys på indre kontrollrutinar i samband med fastsetting, avrekning og innkrevjing av eigenbetaling for pensjonærar i heildøgns omsorg og pleie – Førde kommune"	07.03.12		07.03.12: Vedtak i KU – 07.03.12: Sendt til bystyret.
015/12 Godkjenning av innkalling og skaliste	11.04.12		Vedtak i KU: Ingen merknader
016/12 Skriv og meldingar	11.04.12		Vedtak i KU: Skriv og meldingar teken til vitande.
017/12 Orientering skatteoppkrevjarfunksjonen.	11.04.12		Vedtak i KU: Orientering teken til vitande
018/12 Årsrekneskapen 2011 – førde kommune.	11.04.12		Vedtak i KU: Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Førde kommune, datert 11.04.2012.

019/12 Oppfølgingsliste3-2012 Førde.	11.04.12		Vedtak i KU: Oppfølgingsliste3-2012 Førde vert teken til vitande. 11.04.12 Fråsegn sendt til BS
020/12 Eventuelt.	11.04.12		Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 31.05.2012

025/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 01.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.06.2012	025/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.